

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	Fellesnemnda
<b>Møtestad:</b>	Scandic Kokstad, Kokstaddalen
<b>Dato:</b>	16.11.2018
<b>Tid:</b>	10:00

Du vert med dette kalla inn til møte i fellesnemnda fredag 16. november 2018.

### Køyreplan:

Kl. 10:00 – 10:10	Opning av møtet
Kl. 10:10 – 11:45	Saksbehandling
Kl. 11:45 – 12:00	Orientering frå prosjektleiar: - regional planstrategi, status - reglement for godtgjersle, status
kl. 12:00 – 13:00	Lunsj

**Til dette møtet har Helge Nævdal (A) meldt forfall – Kjell Gitton Håland (A) er kalla inn.**

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall) eller sende melding til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fellesnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.



Anne Gine Hestetun  
utvalsleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 41/18	Godkjenning møteinnkalling		
PS 42/18	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 43/18	Referatsaker (skriv og meldingar)		
RS 33/18	Administrativ toppleiargruppe - tilsetjingsprosess	2018/16486	
RS 34/18	Vestland fylkeskommune - overordna administrativ organisering	2018/16486	
RS 35/18	Reglement og kompetanse for fellesnemnda	2018/16269	
RS 36/18	Frå Eid kommune - Statens Vegvesen sitt fagmiljø i Nordfjord må styrkast, ikkje byggast ned	2015/1434	
RS 37/18	Frå Gloppen kommune - Statens Vegvesen sitt fagmiljø i Nordfjord må styrkast, ikkje byggast ned	2015/1434	
RS 38/18	Innspeil frå Trygg Trafikk - Fylkestrafikktryggingsutval i nye Vestland fylkeskommune	2015/1434	
RS 39/18	Felles personvernombud	2015/1434	
PS 44/18	Ymse		
PS 45/18	Politisk organisering i Vestland fylkeskommune - tilleggsutgreiing fase II	2015/1434	
PS 46/18	Meld.St.6 (2018-2019) Oppgåver til nye regioner - høyringsuttale	2018/16486	
PS 47/18	Vedtekter til fondet jamfør intensjonplanens punkt 7	2015/1434	

**PS 41/18 Godkjenning møteinnkalling**

**PS 42/18 Godkjenning møtebok forrige møte**

**PS 43/18 Referatsaker (skriv og meldingar)**

# Notat

Dato: 13.11.2018  
Arkivsak: 2018/16486-2  
Saksbehandlar: thoaare

---

**Til:** Fellesnemnda

---

**Frå:** Prosjektlear Rune Haugsdal

---

## Administrativ toppleiargruppe - tilsetjingsprosess

### Prosjektlear har gjort slikt administrativt vedtak for tilsetjingsprosess – administrativ toppleiargruppe:

Med tilvising til fellesnemnda si delegering av mynde til prosjektlear, informasjons- og drøftingsmøte med tillitsvalde, dialog med partssamansett utval samt kommunelova si regulering av administrasjonssjefen sitt mynde, gjorde prosjektlear følgjande vedtak om tilsetjingsprosess av fylkesdirektørar i Vestland fylkeskommune:

1. Prosjektlear tilset fylkesdirektørar i sin sentraladministrasjon, med følgjande geografisk lokaliserte leiingsdeling:
  - Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse, kontorstad Bergen
  - Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering, kontorstad Førde
  - Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport, kontorstad Bergen
  - Fylkesdirektør for infrastruktur og veg, kontorstad Leikanger
  - Fylkesdirektør for organisasjon og økonomi, kontorstad Bergen
  - Fylkesdirektør for strategisk utvikling og digitalisering, kontorstad Leikanger
  - Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling, kontorstad Bergen

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn

Fellesnemnda gav 17.12.2017 gjennom følgjande vedtak utvida fullmakt til prosjektlear i høve fastsetjing av den framtidige administrative organiseringa:

1. «Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektlear fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen i samsvar med fellesnemnda si

vedtekne politiske organisering samt føringane i intensjonsplanen, datert 17.01.17.

2. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiariar fullmakt til å inngå avtalar om innkjøp og drift av administrative styringsverktøy for den nye fylkeskommunen.
3. Fylkesrådmennene/prosjektleiariar får fullmakt til overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen, samt til å gjere vedtak i personalsaker. Med denne fullmakta følger også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.»

Intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland slår fast at det skal utarbeidast ein samla organisasjonsplan for Vestland fylkeskommune, jf. kap. 4.2. Organisasjonsplanen skal definere leiing og lineansvar, stabs- og støttefunksjonar og strategisk planleggingsansvar.

Prosjektleiariar har no lagt på plass ei overordna organisasjonsskisse for den framtidige organisasjonen. I skissa som no ligg føre har prosjektleiariar også gjort ei innplassering av sine sentrale stabs- og støttefunksjonar leia frå fylkesrådmannen sin sentrale stab. Sentrale stabs- og støttefunksjonar inneber mellom anna overordna strategisk samordning og styring av organisasjonen, i tillegg til driftsrelaterte funksjonar som økonomistyring, HR, innkjøp, IKT, bygge- og eigedomsforvaltninga m.m.

I samanslåingsarbeidet er det fleire prosessar og avklaringar som er avhengig av kvarandre for å kunne ha ein operativ ny fylkeskommune på plass 1.1.2020. Ein av dei viktigaste og kritiske faktorane fram mot 1.1.2020 vil vere å få på plass dei viktigaste IKT-systema knytt til budsjett og rekneskap, løn og personal, sak og arkiv, og risikohandtering. Utvikling og innføring av desse systema bygger på den nye administrative organiseringa, arbeidsflyt og fullmakter. For å få tilstrekkeleg tid til utvikling, testing og innføring av dei ulike systema er det lagt opp til at den samla administrative organiseringa må vere på plass i månadsskiftet januar/februar 2019.

## **2. Tilsetjingsprosess for administrative toppleiargruppa**

Etablering av overordna administrativ organisering og rekruttering av toppleiariar er no første steg i fastsetting av samla administrativ organisering, arbeidsflyt og fullmakter i den samla administrative organisasjonstrukturen for Vestland fylkeskommune.

Dei sju fylkesdirektørane skal i samarbeid med prosjektleiaren bestemme andre funksjonar og vidare organisering. Dei nye fylkesdirektørane vil utgjere prosjektleiaren si toppleiargruppe.

Fylgjande fylkesdirektørstillingar var utlyst eksternt, med søknadsfrist 16. oktober 2018:

- Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse, kontorstad Bergen
- Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering, kontorstad Førde
- Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport, kontorstad Bergen
- Fylkesdirektør for infrastruktur og veg, kontorstad Leikanger
- Fylkesdirektør for organisasjon og økonomi, kontorstad Bergen
- Fylkesdirektør for strategisk utvikling og digitalisering, kontorstad Leikanger

Stillinga som fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling, har ikkje vore lyst ut på grunn av fortrinnsrett, og der vil ein av dei eksisterande fylkesdirektørane bli innsett i stillinga.

Til dei seks fylkesdirektørstillingane kom det til saman inn 36 søknader. Den offentlege søkarlista vart offentleggjort 26. oktober 2018. I veke 43 vart det gjennomført førstegangsintervju av aktuelle søkarar til dei seks fylkesdirektørstillingane. Det vart fortløpande sendt ut test til dei som gjekk vidare til finaleintervju.

Finaleintervjua vart gjennomført i veke 45. Tilsetting av fylkesdirektørane vil vere klar i midten av november 2018.

Prosjektleiari vil i eit tett samarbeid med dei sju fylkesdirektørane utforme den interne organiseringa vidare. I løpet av våren 2019, skal alle administrativt tilsette vere innplasserte i den nye sentraladministrasjonen.

# Notat

Dato: 13.11.2018  
Arkivsak: 2018/16486-3  
Saksbehandlar: thoare

---

<b>Til:</b>	Fellesnemnda
<b>Frå:</b>	Prosjektleiari Rune Haugsdal

---

## Vestland fylkeskommune - overordna administrativ organisering

### Prosjektleiari har gjort slikt administrativt vedtak for overordna administrativ organisering i Vestland fylkeskommune:

Med tilvising til fellesnemnda si delegering av mynde til prosjektleiari, informasjons- og drøftingsmøte med tillitsvalde, sak i partssamansett utval, samt kommunelova si regulering av administrasjonssjefen sitt mynde, har prosjektleiari gjort følgjande vedtak om framtidig overordna administrativ organisering i Vestland fylkeskommune:

1. Prosjektleiari opprettar fem line-/fagavdelingar i sin sentraladministrasjon, med følgjande geografisk lokaliserte leiingsdeling:
  - Avdeling for infrastruktur og veg, fylkesdirektør har hovudsete i Sogn og Fjordane
  - Avdeling for mobilitet og kollektivtransport, fylkesdirektør har hovudsete i Hordaland
  - Avdeling for innovasjon og næringsutvikling, fylkesdirektør har hovudsete i Hordaland
  - Avdeling for kultur, idrett og inkludering, fylkesdirektør har hovudsete i Sogn og Fjordane
  - Avdeling for opplæring og kompetanse, fylkesdirektør har hovudsete i Hordaland
2. Prosjektleiari opprettar to stabsavdelingar i sin sentrale stab, med følgjande geografisk lokaliserte leiingsdeling:
  - Stabsavdeling for strategisk utvikling og digitalisering, fylkesdirektør har hovudsete i Sogn og Fjordane
  - Stabsavdeling for organisasjon og økonomi, fylkesdirektør har hovudsete i Hordaland
3. Prosjektleiari vil i eit tett samarbeid med dei sju fylkesdirektørane utforme den interne organiseringa vidare. I løpet av våren 2019 skal alle administrativt tilsette vere innplasserte i den nye sentraladministrasjonen.

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn

Fellesnemnda gav 17.12.2017 gjennom følgjande vedtak utvida fullmakt til prosjektleiar i høve fastsetjing av den framtidige overordna administrative organiseringa:

1. «Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiar fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen i samsvar med fellesnemnda si vedtekne politiske organisering samt føringane i intensjonsplanen, datert 17.01.17.
2. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiar fullmakt til å inngå avtalar om innkjøp og drift av administrative styringsverktøy for den nye fylkeskommunen.
3. Fylkesrådmennene/prosjektleiar får fullmakt til overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen, samt til å gjere vedtak i personalsaker. Med denne fullmakta følger også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.»

Intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland slår fast at det skal utarbeidast ein samla organisasjonsplan for Vestland fylkeskommune, jf. kap. 4.2. Organisasjonsplanen skal definere leiing og lineansvar, stabs- og støttefunksjonar og strategisk planleggingsansvar.

Prosjektleiar har no lagt på plass ei overordna organisasjonsskisse for den framtidige organisasjonen. I skissa som no ligg føre har prosjektleiar også gjort ei innplassering av sine sentrale stabs- og støttefunksjonar leia frå fylkesrådmannen sin sentrale stab. Sentrale stabs- og støttefunksjonar inneber mellom anna overordna strategisk samordning og styring av organisasjonen, i tillegg til driftsrelaterte funksjonar som økonomistyring, HR, innkjøp, IKT, bygge- og eigedomsforvaltninga m.m.

Prosjektleiar legg gjennomgåande opp til å ivareta ein god regional balanse i høve framtidig leiingsdeling, og legg til rette for at oppgåver innanfor dei sentrale fagområda framleis skal kunne utførast i både dagens fylke.

### 2. Fag-/lineavdelingar – løysinga som er valt

Prosjektleiar opprettar fem line-/fagavdelingar i sin sentraladministrasjon, med ei geografisk lokalisert leiingsdeling. Dei framtidige lineavdelingane vil ha eit ansvar for konkrete fagområde, men skal samtidig i stor grad medverke med ressursar og kompetanse inn i tverrsektoriell samhandling for ei optimal oppgåveløysing i Vestland fylkeskommune.

#### 2.1 Avdeling for infrastruktur og veg, fylkesdirektør i Sogn og Fjordane

Som vegeigar vil Vestland fylkeskommune ha ansvar for om lag 5600 km fylkesveg. Dette inneber planlegging, utbygging og drift av vegnettet, samt forvaltningsoppgåver som vegeigar i samsvar med veglova og plan- og bygningslova. Overføring av sams vegadministrasjon vil medføre betydelege nye oppgåver/funksjonar direkte lagt til den nye fylkeskommunen.

Prosjektleiar har etablert eit eige prosjekt for å ivareta overføringsprosessen, samt vurdere framtidig organisering av overførte oppgåver/funksjonar. Avdeling for infrastruktur og veg vil ivareta krav til overordna styring og rapportering og sikre gjennomføring av planlegging, utbygging og drift av fylkesvegnettet. Det inneber m.a.: å ivareta heilskapleg utbygging av transportinfrastruktur i arbeidet med Nasjonal transportplan



(NTP), sørge for naudsynt beredskap ved hendingar på fylkesvegnettet og å gjennomføre utgreiing og overordna strategisk planlegging innanfor vegområdet. I tillegg må avdelinga ivareta forvaltningsoppgåvene som fylkeskommunen har som vegeigar. Det kan og bli aktuelt å tilføre avdelinga ansvar for andre infrastrukturoppgåver innanfor transportområdet.

## **2.2 Avdeling for mobilitet og kollektivtransport, fylkesdirektør i Hordaland**

Det fylkeskommunale kollektivtransporttilbodet er avgjerande for å sikre gode kommunikasjonar i alle deler av fylket, slik at innbyggjarane kan reise trygt til og frå arbeid, skule og fritidsaktivitetar m.m. SKYSS er i dag Hordaland fylkeskommune si driftseining for kollektivtransporttilbodet, organisert som ei eiga eining under samferdselsavdelinga. I Sogn og Fjordane fylkeskommune vert kollektivtransporttilbodet utvikla og drifta under merkevara KRINGOM.

Gjennom overordna strategisk styring må kollektivtransporttilbodet differensierast, og ivareta behovet for reiser både i byar, tettstader og ute i distrikt med spreidd busetnad. I Bergensområdet inngår kollektivtransporttilbodet i heilskaplege løysingar saman med sykkel og gange for å sikre mobilitet i transportsystemet, samt å utvikle miljøvenlege reisealternativ. Dette er sentrale element i by-veksttalen for Bergen – ein transportpolitisk avtale mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og staten for å oppnå målet om nullvekst i personbiltrafikken i Bergen. Denne avtalen vil bli vidareført inn i Vestland fylkeskommune.

Avdelinga skal ivareta det overordna ansvaret for utvikling og drift av kollektivtrafikktilbodet i det nye fylket innanfor vedtekne politiske rammer og prioriteringar. Vidare skal avdelinga gjennomføre utgreiing og planlegging for strategisk utvikling av kollektivtransporttilbodet i det nye fylket, ivareta forvaltningsoppgåver, ha beredskapsplanlegging knytt til kollektivtransportområdet og ha eigarstyring innan heile kollektivområdet.

## **2.3 Avdeling for innovasjon og næringsutvikling, fylkesdirektør i Hordaland**

Prosjektleiari legg stor vekt på at Vestland fylkeskommune skal lukkast i å etablere eit slagkraftig fagmiljø på næringsområdet, med kompetanse, kunnskap og erfaringar frå begge dagens fylkeskommunar, slik det vil bli gjort innanfor andre fylkeskommunale ansvarsområde.

Med ei samla leiing innanfor innovasjons- og næringsområdet skal Vestland fylkeskommune stå fram med tydelege mål, strategiar og ein strategisk innretta verkemiddelbruk. Vestland fylkeskommune skal samordne og sjå andre fylkeskommunale ansvarsområde i ein heilskap for landsdelen. Fylkeskommunen sitt politiske og administrative engasjement på næringsområdet vil bli ei samla kraft i utviklingsarbeidet. Behovet for regional balanse og tett kontakt med næringsliv og viktige samarbeidspartnarar, vil bli prioritert gjennom ei funksjonsleiing mellom Bergen og Leikanger. Ei slik fordeling av funksjonar må i hovudsak ivareta særskilte behov for oppgåver og aktivitetar på næringsområdet i ulike deler av fylket.

Prosjektleiari vil og vektlegge behovet for omstilling og innovasjon i næringsutviklinga i det nye fylket, og sjå dette i samheng med satsing på FoU og forvaltning av regionale forskingsmidlar.

Avdelinga skal forvalte fylkeskommunale verkemiddel for støtte til nærings- og lokalsamfunnsutvikling i det nye fylket, og sørge for berekraftig forvaltning av fylkeskommunen sitt ansvar for naturressursar i samsvar med lovverk og politiske prioriteringar. Vidare skal avdelinga forvalte landbruksoppgåvene som vert overført frå fylkesmannen og forvalte tilskot til breibandsutbygging.

## 2.4 Avdeling for kultur, idrett og inkludering, fylkesdirektør i Sogn og Fjordane

Vestland fylkeskommune skal medverke til å utvikle eit rikt og mangfaldig kulturliv i landsdelen. Gjennom tiltak og aktivitetar skal fylkeskommunen legge til rette for at alle kan oppleve og ta del i tradisjonell og nyskapande kunst og kultur. Samfunnsutviklarrolla inneber eit ansvar for samhandling mellom forvaltningsnivåa, og mellom kulturaktørar og institusjonar på regionalt nivå. Fylkeskommunen har lovpålagde oppgåver for vern av kulturminne og kulturmiljø. Fleire oppgåver og funksjonar på kulturminnefeltet skal overførast frå Riksantikvaren til regionalt folkevald nivå. Strategisk planlegging og utvikling innan alle fagområda til avdelinga er ei sentral oppgåve saman med det å legge til rette for kulturpolitisk utviklingsarbeid. Fylkeskommunen samhandlar med frivillig sektor, kulturinstitusjonar, kommunar om planarbeid, kompetanse- og utviklingsarbeid og tilskotsformidling til drifts- og utviklingsarbeid innan kunst og kultur.

Fylkeskommunen forvaltar tilskot og støtte til anlegg, lag og arrangement innanfor idretts- og friluftsområdet. Oppgåvene innanfor idretts- og friluftsområdet er i stor grad innretta mot planarbeid, utviklingsarbeid og tilskotsordningar, og involverer tett samarbeid med kommunar og frivillig sektor. Prosjektlear legg opp til at idrettsområdet vert organisert som ei eining innanfor avdeling kultur, idrett og inkludering, og med leiging lokalisert i Bergen.

Stortinget har gjort vedtak om at fylkeskommunane skal styrkjast med oppgåver og funksjonar på integreringsområdet. Det er framleis usikkert kva dette inneber av faktiske oppgåver og funksjonar, men prosjektlear vil særleg peike på frivillig sektor som ein viktig arena for integreringsarbeidet.

## 2.5 Avdeling for opplæring og kompetanse, fylkesdirektør i Hordaland

Vestland fylkeskommune skal ivareta lovpålagde oppgåver innanfor vidaregåande opplæring. Dette inneber eit ansvar for dei vidaregåande skulane, opplæringa av lærlingar, fagskuletilbodet og vidaregåande opplæring for vaksne i fylket. I tillegg skal fylkeskommunen ha eit tydeleg ansvar for den regionale kompetansepolitikken.

Avdelinga skal mellom anna gjennom eit tett samarbeid med arbeids- og næringsliv og utdannings- og opplæringsaktørar samordne behova for kompetanse mot utdannings- og kompetansetilbod i regionen. Prosjektlear føreset at utviklinga av fylkeskommunen si strategiske rolle for den regionale kompetansepolitikken vert utvikla i nær samheng med det fylkeskommunale opplæringstilbodet.

## 3. Stabsavdelingar i fylkesrådmannen sin stab – løysinga som er valt

Prosjektlear ønskjer å etablere eit sentralt stabsmiljø, leia frå fylkesrådmannen sin stab. Prosjektlear skil mellom stabsmiljø som har eit overordna fokus på strategisk utvikling av Vestland fylke og stabsmiljø som har sitt hovudfokus retta mot drift og utvikling av organisasjonen Vestland fylkeskommune. Fylkesrådmannen sin stab vil såleis både ha eit strategisk plan- og samordningsansvar knytt til Vestland fylkeskommune sin samla aktivitet, og samtidig drive sentrale service-, støtte- og fellesfunksjonar i organisasjonen.

Stabsavdelingane har som hovudoppgåve å utarbeide informasjon og kunnskapsgrunnlag som medverkar til toppleiinga og lineorganisasjonen sine avgjerder. Prosjektlear er likevel oppteken av at Vestland fylkeskommune i noko grad bryt med det tradisjonelle *line-stab-prinsippet*, og at organisasjonen greier å ivareta ein fleksibilitet og endringskompetanse og ei samhandling på tvers av etablerte fageiningar (sektoravdelingar og stabseiningar). Det er difor behov for å utarbeide ein samla organisasjonsmodell med god tilpassingsevne. Særleg stabsavdelinga for strategi og utvikling er tiltenkt eit ansvar for å koordinere organisasjonen sin samla kompetanse gjennom strukturerte prosjekt og tverrsektorielle prosessar.

### 3.1 Stabsavdeling for strategisk utvikling og digitalisering, fylkesdirektør i Sogn og Fjordane

Prosjektleiars sitt vedtak inneber oppretting av ei stabsavdeling for strategi og utvikling i fylkesrådmannen sin sentrale stab. Stabsavdelinga vil vere eit viktig verktøy for Vestland fylkeskommune i samband med at organisasjonen betre kan utøve rolla si som samfunnsutviklar. Større fylkeskommunar, desentralisering av oppgåver og styrking av regional planlegging er sentrale element i reforma. Målet er å styrke samanhengen mellom strategisk planlegging og samfunnsutvikling, slik plan- og bygningslova legg føringar for.

Stabsavdeling for strategi og utvikling får eit overordna ansvar for å sjå funksjonelle område i samanheng. Fylkesdirektøren skal syte for at Vestland fylkeskommune har evne til å gje samfunnsutviklinga ei sams strategisk retning, mobilisere på tvers av sektorar/fagområde, nivå og aktørar og koordinere organisasjonen sin samla innsats og verkemiddelbruk gjennom regional planlegging og utvikling. Avdelinga får følgjande ansvarsområde:

- Fylkeskommunen si gjennomgåande utviklingsrolle for å støtte opp omkring samfunnsutviklarrolla.
- Samordning av fylkeskommunen sin eksterne aktivitet overfor kommunar, næringsliv og innbyggjarar.
- Prosessleiing for regional planstrategi, og etablering av sentrale samarbeidsarenaer.
- Samordning av fylkeskommunen sin interne aktivitet gjennom tverrsektorielle prosessar, utstrekt bruk av prosjektarbeidsforma og samhandling på tvers av geografiske organisasjonseiningar.
- Ei leiande rolle i digitaliseringsarbeidet.

### 3.2 Stabsavdeling for organisasjon og økonomi, fylkesdirektør i Hordaland

Prosjektleiars sitt vedtak inneber oppretting av ei stabsavdeling for organisasjon, drift og støtte i fylkesrådmannen sin sentrale stab. Stabsavdelinga vil vere eit viktig verktøy for at Vestland fylkeskommune utviklar seg som organisasjon, og at vi har effektive, velfungerande og gode støttesystem.

Stabsavdeling for organisasjon, drift og støtte i fylkesrådmannen sin sentrale stab vil innehalde følgjande hovudansvarsområde:

- Budsjett
- Løn og rekneskap
- Finansforvaltning og konsesjonskraftforvaltning
- Innkjøp
- Organisasjonsutvikling
- Kommunikasjon
- HR og strategisk personalleiing
- Juridisk leiing
- IKT
- Bygg- og eigedom

## 4. Tannhelsetenesta

I sak 37/18, vedteke i fellesnemnda 21. september, står følgjande om organisering av tannhelsetenesta:

*Fellesnemnda har tidlegare vedteke, 8.mars 2018, at tannhelsetenesta skal leiast frå Bergen.*

*Prosjektleiaren vil vidare ta initiativ til å vurdere om tannhelsetenesta skal organiserast som ei ytre eining, direkte lagt inn under fylkesrådmannen sin stab eller som ein del av dei andre oppretta avdelingane.*

*Det kan og bli aktuelt å legge tannhelsetenesta inn i ei nyoppretta avdeling, dersom fylkeskommunane får overført oppgåver innanfor helse- og sosialområdet.*

*Tannhelsetenesta er sterkt driftsorientert, der det i mindre grad er behov for løpande overordna administrativ og politisk styring. Politiske avklaringar og styring på dette området er tenkt gjort direkte i fylkesutvalet utan handsaming i hovudutval. Prosjektleiaren ser for seg at leiaren av tannhelsetenesta ikkje inngår i fylkesrådmannen si toppleiargruppe.*

## Notat

Dato: 12.11.2018  
Arkivsak: 2018/16269-1  
Saksbehandlar: petgull

---

<b>Til:</b>	Fellesnemnda
<b>Frå:</b>	Prosjektleiar Vestland fylkeskommune

---

### Reglement fellesnemnda - vedtakskompetanse

#### Oppdrag:

*«På fleire områder som ikkje direkte er omtalt i fellesnemnda sitt reglement vil det kunne vere behov for å gjere politiske vedtak i førebuingane til ny fylkeskommune frå 1.1.2020. Dette gjeld t.d. overføring av nye oppgåver og avtalar rundt dette.*

*Det vert bedt om ei vurdering av fellesnemnda sin vedtakskompetanse på områder som ikkje direkte er omtalt i gjeldande reglement, og eventuelt behovet for å gjere endringar i reglementet.»*

#### Kort om kva lovgjevar har sagt om mynde til fellesnemnda

Etter inndelingslova § 26 første ledd skal fellesnemnda:

«...samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga...».

Etter tredje ledd skal fellesnemnda:

«...ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga er sett i verk.»

I fjerde ledd heiter det:

«Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som må vedtakast i alle kommunestyra eller fylkestinga.»

Av Ot. prp. nr. 41 (2000-2001) følgjer:

«Det er opp til kommunane eller fylkeskommunane sjølve å bli samde om kva oppgåver og fullmakter fellesnemnda skal ha. Det bør ikkje gå for lang tid før den nye kommunen er operativ.»

I rundskriv H-2015-10 frå kommunal- og moderniseringsdepartementet er mellom anna uttala om § 26:

«Slik føresegna er utforma er det mogleg å gi nemnda relativt vide fullmakter. Nemnda skal ikkje få innverknad på drifta i dei eksisterande kommunane.»

Formuleringane gir fellesnemnda nokre spesifikke oppgåver, mens andre oppgåver særskild må fastsettast i reglement. Inndelingslova opnar for å gi fellesnemnda eit vidt mynde.

### **Nedanfor følgjer dei føresegnene i reglement for fellesnemnda som synes relevante:**

*«4. Fellesnemnda skal primært planleggje og førebu iverksetting av samanslåinga fram til konstituering av nytt felles fylkesting. Det er dei to fylkestinga som er ansvarlege for verksemda i dei to fylkeskommunane fram til samanslåingstidspunktet 01.01.2020.*

*7. Fellesnemnda fastset modell for politisk og administrativ organisering i den nye fylkeskommunen innanfor rammene som er fastlagde i intensjonsplanen av 17.01.17. Nemnde modell bør likevel kunne vurderast dersom det skjer vesentlege endringar i fylkeskommunane sine oppgåver.*

*10. Fellesnemnda kan inngå avtalar på vegne av den nye fylkeskommunen, i den grad slike avtalar må inngåast før fylkestinget er konstituert.*

*16. Dersom enkelte saker som vedkjem samanslåingsprosessen er av ein slik karakter at dei må handsamast særskilt i eitt eller begge fylkestinga, har fellesnemnda innstillingsrett i saka.»*

### **Nedanfor følgjer forståing/tolking av føresegnene:**

Før ein går gjennom føresegnene i reglement for fellesnemnda, er det verdt å ta ein kikk på fylkesrådmennene si saksutgreiing (likelydande) i sak *Oppfølging av Stortinget sitt vedtak om samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar*. Saka vart handsama på den felles fylkestingsseta i Gulen 27.10.17. Her vart mellom anna reglement for fellesnemnda vedteken. I saksutgreiinga heiter det mellom anna:

«Fylkesrådmannen meiner det er viktig å gje fellesnemnda eit tydeleg, men vidt mandat, for å sikre god politisk styring og ein mest mogleg effektiv samanslåingsprosess. Dersom nødvendige vedtak må gjerast før det nye fylkestinget er konstituert, på område der fellesnemnda ikkje har delegert vedtaksmynde, må fylkestinga syte for samordning og koordinering med tanke på å gjere likelydande delegeringsvedtak.»

Desse formuleringane gir ei viss rettleiing ved tolkingstvil. Det er framheva at fellesnemnda skal ha eit vidt mandat for å mellom anna sikre ein mest mogleg effektiv samanslåingsprosess. Samstundes skal mandatet vere tydeleg og sikre god politisk styring. Desse omsyna kan potensielt stå i mot kvarandre.

**§ 4** angir fellesnemnda si primæroppgåve: *planleggje og førebu iverksetting av samanslåinga*. Punktet seier også at det er dei to fylkestinga som er ansvarlege for verksemda i fylkeskommunane fram til 2020.

Prosjektlear er kjent med vedtak både for Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar som vil forplikte Vestland frå 2020. Ein kan stille spørsmål ved om det er behov for tettare koordinering og regulering av fellesnemnda sitt mynde knytt til dette.

**§ 7** inneber at politisk og administrativ organisering skal vere i tråd med rammene fastlagd i intensjonsplan. Føresegna må forståast slik at fellesnemnda kan gjere faktiske endringar i modell frå intensjonsplanen dersom det skjer vesentlege endringar i oppgåveporteføljen. Overføring av fiskerihamneanlegg og overføring av den regionale vegadministrasjonen frå Statens Vegvesen vil vere døme på slike vesentlege endringar i oppgåveporteføljen.

(Fellesnemnda har gjeve prosjektleiar slik fullmakt kva gjeld administrativ organisering:

*«Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiar fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen med unntak for sekretariatet for kontrollutvalet, i samsvar med fellesnemnda si vedtekne politiske organisering samt føringane i intensjonsplanen, datert 17.01.2017.»*

Prosjektleiar er ikkje gjeve positivt mynde til å vurdere modellen i intensjonsplanen dersom det skjer vesentlege endringar i fylkeskommunane sine oppgåver.)

**§ 10** seier at fellesnemnda *kan* inngå avtalar på vegne av den nye fylkeskommunen, dersom slike avtalar *må* inngåast før fylkestinget er konstituert. Naturleg forståing her er at fellesnemnda er gitt mynde til å inngå avtalar dersom dette er naudsynt å gjere før fylkestinget er konstituert. Fellesnemnda må sjølv kunne vurdere behovet.

**§ 16** har ei vag ordlyd som gir rom for tvil og uvisse. Ein mogleg tolking er at prinsipielle spørsmål må løftast til fylkesting(a). Samstundes heiter det i inndelingslova § 26 (6):

«Fellesnemnda kan gi eit arbeidsutval myndigheit til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell art.»

Det som ikkje direkte går fram av formuleringa er at fellesnemnda nettopp *kan* gjere vedtak av prinsipiell art (men ikkje arbeidsutval). Føresegna slik den står i reglementet vil uansett gjelde uavhengig av lovteksten her.

### **Summert opp gir dette følgjande konklusjonspunkt:**

- § 4 gir fellesnemnda eit vidt mandat. Ved tvil om fellesnemnda har mynde må ein leggje til grunn ei vid tolking av føresegnene.
- Fellesnemnda skal ikkje utføre oppgåver som har innverknad på den daglege drift til respektive fylkeskommunar. Ein kan stille spørsmål ved om det er behov for tettare koordinering og regulering knytt til vedtak som forpliktar Vestland frå 2020.
- Fellesnemnda kan inngå avtaler på vegne av ny fylkeskommune dersom dette er naudsynt før nytt fylkesting er konstituert.
- Fellesnemnda kan endre modell for politisk og administrativ organisering dersom det skjer vesentlege endringar i fylkeskommunane sine oppgåver. Døme på dette er overføring av fiskerihamneanlegg og overføring av regional vegadministrasjon frå Statens vegvesen.
- Dersom det dukkar opp saker kor det er klart at fellesnemnda ikkje har mynde, er det ein føresetnad at fylkestinga syter for naudsynte delegeringsvedtak, endrar reglementet eller treff likelydande vedtak om realiteten i saka sjølve. Alle alternativa er tidkrevjande.

Når det gjeld § 16 om kva saker som skal handsamast i eitt eller begge fylkestinga, er formuleringane vage. Føresegna må forståast som ei sikkerheitsventil for fylkestinga, som berre vil vere aktuell i heilt særskilde tilfelle.





Fellesnemnda for Vestland fylke v/ leiar Anne Gine Hestetun

*Samferdsledepartementet v/ Statsråd Jon Georg Dale  
Kommunal- og regionaldepartementet v/ Statsråd Monica Mæland  
Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ Fylkesordfører Jenny Følling  
Fellesnemnda for Vestland fylke v/ leiar Anne Gine Hestetun*

**Vår ref:**

Sak: 18/3296 JpID: 18/16423 Sbh: ABJ

**Dykkar ref.**

**Dato:**

31.10.2018

Selje/Måløy/Stryn/Hornindal/Sandane/Svelgen/Nordfjordeid, 31.10.2018

## Statens Vegvesen sitt fagmiljø i Nordfjord må styrkast, ikkje byggast ned!

Vi syner til pågåande og planlagde omstillingsprosessar i Statens Vegvesen, omtalt i Statsbudsjettet 2019 (omlegging av trafikant- og køyretøytenester, effektivisering av statlege forvaltingsoppgåver, overføring av vegadministrasjon for fylkesvegnettet til fylkeskommunane).

Statens Vegvesen har i dag eit samla fagmiljø på 31 personar knytt til Trafikkstasjonen på Nordfjordeid. Staben er delt inn i ulike tenesteområde, med ulike leiarar som er plassert andre stader i Region Vest eller i Vegdirektoratet. Om lag halvparten arbeider med trafikant- og køyretøytenester, medan den andre halvparten arbeider med forvaltingsoppgåver.

**Kommunane og næringslivet i Nordfjord er uroa over at omstillingsprosessane som pågår i statleg regi på vegområdet ser ut til å skje utan nødvendig samordning og heilskap - og i sum vil føre til nedbygging av dagens fagmiljø og tenester i Statens Vegvesen i vår region.**

Det reagerer vi sterkt på. Nordfjord har frå før få og små statlege forvaltingsmiljø samanlikna med dei fleste andre bu- og arbeidsmarknadsregionar i landet. Nordfjord har heller ikkje fått tilført nye oppgåver og funksjonar gjennom Regjeringa sin plan for utflytting av statlege arbeidsplassar.

Vi synst det er påfallande at det no ser ut til at Nordfjord enno ein gong skal råkast negativt av ei statleg omorganisering - i staden for at ein nyttar høvet til å tilføre eit eksisterande, velfungerande statleg fagmiljø i Nordfjord nye funksjonar og oppgåver.

Ei sentralisering av trafikant- og køyretøyretta oppgåver vil også vere negativt for næringslivet. Transportnæringa er stor i Nordfjord, og treng nærleik til dei tenestene dei i dag får på Trafikkstasjonen på Nordfjordeid. Vi ser det som meiningslaust at i ei tid då teknologi gjer desentralisering av tenester enklare enn før, skal næringslivet i Nordfjord bli påført lenger reisetid, auka kostnader og auka miljøbelastning for å få utført tenester som i dag blir gitt lokalt.

Vi reagerer også på at Statens Vegvesen allereie har byrja ei "bit-for-bit" nedbygging av tenestene ved trafikkstasjonen på Nordfjordeid - gjennom fjerning av einskildfunksjonar (oppkøyring for tungbil) og reduserte opningstider på Trafikkstasjonen på Nordfjordeid.

**Post- og besøksadresse**

Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid

**Telefon**

57 88 58  
00

**Org.nr**

938521816

**E-post**

post@eid.kommune.no

**Internett**

www.eid.kommune.no



Kommunane og næringslivet i Nordfjord krev difor at Regjeringa no tek eit samla grep om omorganiseringa av Statens Vegvesen der ein held oppe og styrkar fagmiljøet i Nordfjord - og ser dette i samanheng med mål om:

- Balansert lokalisering av statlege arbeidsplassar i ulike bu- og arbeidsmarknads-regionar - med mål om å styrke vekstkraftige regionar som har få statlege forvaltingsmiljø pr i dag
- Å nytte Statens Vegvesen sin pr i dag desentraliserte struktur og utstrekke bruk av ny teknologi til å lokalisere forvaltingsoppgåver som skal rasjonaliserast ute i distrikts-Noreg, framfor å sentralisere dei til dei største byane
- Å tilby næringslivsretta og publikumsretta tenester nært brukarane
- Å sikre at ikkje overføringa av vegadministrasjon frå Statens Vegvesen til fylkeskommunane fører til ein meir sentralisert struktur på fagmiljøa enn i dag - stikk i strid med målet med regionreformen

Vi vil også be nye Vestland fylke medverke til at Statens Vegvesen sitt eksisterande fagmiljø på Nordfjordeid ikkje blir svekka som følgje av overføring av administrasjonen av fylkesvegnettet.

Nye Vestland fylke må både her og på andre område sjå verdien av å sikre og styrke forvaltingsmiljø i fylkeskommunal regi også i den nordlegaste bu- og arbeidsmarknadsregionen i det nye fylket.

### **Beste helsing**

**Sven Flo (sign)**

Stryn kommune (ordførar)

**Kristin Maurstad (sign)**

Vågsøy kommune (ordførar)

**Leidulf Gloppestad (sign)**

Gloppen kommune (ordførar)

**Stein Robert Osdal (sign)**

Selje kommune (ordførar)

**Stig Olav Lødemel (sign)**

Hornindal kommune (ordf.)

**Audun Åge Røys (sign)**

Bremanger komune (ordførar)

**Alfred Bjørlo**

Eid kommune (ordførar)

**Anita Vinsrygg (sign)**

Stryn Næringsssamskipnad  
(Næringslivet i Stryn)

**Ingvill Hestenes (sign)**

Gloppen Næringsorganisasjon  
(Næringslivet i Gloppen)

**Olav Steimler (sign)**

Stad Vekst  
(Næringslivet i Eid og Selje)

**Randi Paulsen Humborstad (sign)**

Måløy Vekst  
(Næringslivet i Vågsøy)

*Ver venleg å oppgje referansenummer 18/3296 dersom du tek kontakt med oss.*

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Kopi til:**

Bremanger kommune  
Finansminister og partileiar Siv Jensen

Rådhuset, Postboks 104 6721 SVELGEN

Gloppen kommune			
Hornindal kommune			
Kulturminister og partileiar Trine Skei Grande			
Selje kommune			
Statens Vegvesen, Region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Statsminister og partileiar Erna Solberg			
Stortingsbenken i Sogn og Fjordane v/ Liv Signe Navarsete			
Stortingsbenken i Sogn og Fjordane v/Frida Melvær			
Stortingsbenken i Sogn og Fjordane v/Ingrid Heggø			
Stortingsbenken i Sogn og Fjordane v/Tore Storehaug			
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Transport- og kommunikasjonskomiteen c/Dagfinn Henrik Olsen			
Transport- og kommunikasjonskomiteen v/Arne Nævra			
Transport- og kommunikasjonskomiteen v/Bengt Fasteraune			
Transport- og kommunikasjonskomiteen v/Helge Orten			
Transport- og kommunikasjonskomiteen v/Ingalill Olsen			
Transport- og kommunikasjonskomiteen v/Jon Gunnes			
Transport- og kommunikasjonskomiteen v/Jonny Finstad			
Transport- og kommunikasjonskomiteen v/Kirsti Leirtro			
Transport- og kommunikasjonskomiteen v/Morten Stordalen			
Transport- og kommunikasjonskomiteen v/Nils-Åge Jegstad			
Transport- og kommunikasjonskomiteen v/Siv Mossleth			
Transport- og kommunikasjonskomiteen v/Solveig Sundbø Abrahamsen			
Transport- og kommunikasjonskomiteen v/Sverre Myrli			
Transport- og kommunikasjonskomiteen v/Tor-Andre Johnsen			
Transport- og kommunikasjonskomiteen v/Øystein Hansen			
Vegdirektoratet			
Vågsøy kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY



Mottakarar i følge liste

**Vår ref.**

18/14267

**Dato**

01.11.2018

## **Statens Vegvesen sitt fagmiljø i Nordfjord må styrkast, ikkje byggast ned**

Vi syner til pågåande og planlagde omstillingsprosessar i Statens vegvesen, omtalt i statsbudsjettet 2019 (omlegging av trafikant- og køyretøytenester, effektivisering av statlege forvaltingsoppgåver, overføring av vegadministrasjon for fylkesvegnettet til fylkeskommunane).

Statens vegvesen har i dag eit samla fagmiljø på 31 personar knytt til Trafikkstasjonen på Nordfjordeid. Staben er delt inn i ulike tenesteområde, med ulike leiarar som er plassert andre stader i Region Vest eller i Vegdirektoratet. Om lag halvparten arbeider med trafikant- og køyretøytenester, medan den andre halvparten arbeider med forvaltingsoppgåver.

**Kommunane og næringslivet i Nordfjord er uroa over at omstillingsprosessane som pågår i statleg regi på vegområdet ser ut til å skje utan nødvendig samordning og heilskap - og i sum vil føre til nedbygging av dagens fagmiljø og tenester i Statens vegvesen i vår region.**

Det reagerer vi sterkt på. Nordfjord har frå før få og små statlege forvaltingsmiljø samanlikna med dei fleste andre bu- og arbeidsmarknadsregionar i landet. Nordfjord har heller ikkje fått tilført nye oppgåver og funksjonar gjennom regjeringa sin plan for utflytting av statlege arbeidsplassar.

Vi synst det er påfallande at det no ser ut til at Nordfjord enno ein gong skal råkast negativt av ei statleg omorganisering - i staden for at ein nyttar høvet til å tilføre eit eksisterande, velfungerande statleg fagmiljø i Nordfjord nye funksjonar og oppgåver.

Ei sentralisering av trafikant- og køyretøyretta oppgåver vil også vere negativt for næringslivet. Transportnæringa er stor i Nordfjord, og treng nærleik til dei tenestene dei i dag får på Trafikkstasjonen på Nordfjordeid. Vi ser det som meiningslaust at i ei tid då teknologi gjer desentralisering av tenester enklare enn nokon gong, skal næringslivet i Nordfjord bli påført lenger reisetid, auka kostnader og ei auka miljøbelastning for å få utført tenester som i dag blir gitt lokalt.

Vi reagerer også på at Statens vegvesen allereie har byrja ei "bit-for-bit" nedbygging av tenestene ved trafikkstasjonen på Nordfjordeid - gjennom fjerning av einskildfunksjonar (oppkøyring for tungebil) og reduserte opningstider på Trafikkstasjonen på Nordfjordeid.

**Kommunane og næringslivet i Nordfjord krev difor at regjeringa no tek eit samla grep om omorganiseringa av Statens vegvesen med ei oppretthalding og styrking av fagmiljøet i Nordfjord - og ser dette i samband med mål om:**

**Adresse**

Grandavegen 9, 6823 Sandane

**Telefon**

57 88 38 00

**Org.nr**

964 969 124

**E-post**

post@gloppen.kommune.no

**Internett**

www.gloppen.kommune.no

- **Balansert lokalisering av statlege arbeidsplassar i ulike bu- og arbeidsmarknads-regionar - med mål om å styrke vekstkraftige regionar som har få statlege forvaltingsmiljø pr i dag**
- **Å nytte Statens vegvesen sin pr i dag desentraliserte struktur og utstrekte bruk av ny teknologi til å lokalisere forvaltingsoppgåver som skal rasjonaliserast ute i distrikts-Noreg, framfor å sentralisere dei til dei største byane**
- **Å tilby næringslivsretta og publikumsretta tenester nært brukarane**
- **Å sikre at ikkje overføringa av vegadministrasjon frå Statens vegvesen til fylkeskommunane fører til ein meir sentralisert struktur på fagmiljøa enn i dag - stikk i strid med målet med regionreformen.**

Vi vil også be nye Vestland fylke medverke til at Statens vegvesen sitt eksisterande fagmiljø på Nordfjordeid ikkje blir svekka som følgje av overføring av administrasjonen av fylkesvegnettet. Nye Vestland fylke må både her og på andre område sjå verdien av å sikre og styrke forvaltingsmiljø i fylkeskommunal regi også i den nordlegaste bu- og arbeidsmarknadsregionen i det nye fylket.

---

Denne uttalen vart samrøystes vedteken på møte i Gloppen kommunestyre den 31. oktober i år.

Vennleg helsing

Jan Kåre Fure  
rådmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*

**Kopi til**

Leidulf Gloppestad  
Nordfjordrådet  
Statens vegvesen

Region vest

**Mottakarar**

Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune  
Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Samferdsledepartementet  
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fellesnemnda for nye Vestland fylkeskommune

Referanse:  
Audun Heggstad og Knut O.  
Nestås

Dato:  
19.10.2018

## Fylkestrafikktryggingsutval i nye Vestland fylkeskommune

Fellesnemnda fatta i møte 21. september eit vedtak om å etablere eit Fylkestrafikktryggingsutval (FTU) i nye Vestland fylkeskommune frå 1.1.2020. Likevel var det i debatten visse atterhald og signal om at eit nytt FTU framleis kan bli integrert og inkorporert i eit nytt utval for samferdsle i ein seinare omgang eller organisert på anna vis. Me er positive til administrasjonen si innstilling om nytt FTU og fellesnemnda sitt fyrste vedtak som stadfestar dette, og meir skeptiske til å organisera det breie trafikksikringsarbeidet som ein del av eit nytt utval for samferdsle eller i eit administrativt fylkestrafikkisikringsråd. Her er nokre argument kring kvifor me tenkjer slik før neste møte i fellesnemnda 30. oktober:

1. Rogalandforskning har tidlegare evaluert ulike måtar å organisera trafikksikringsarbeidet på, og vurdert ulike modellar. Rapporten generelt og samandraget spesielt er verd å lesa nærare. Me vel her å framheva to punkt:
  - a. *Fylker som har politisk ledede trafikksikkerhetsutvalg oppnår mer i trafikksikkerhetsarbeidet enn fylker som ikke har det.*
  - b. *Gjennomgående synes det som at fylker som har politisk ledede trafikksikkerhetsutvalg med sterk forankring i fylkespolitikken og mot ledelsenivået i de enkelte etatene, med egne budsjett og egne tilskuddsmidler til "aksjon skoleveg" og med gode samarbeidsrelasjoner i utvalget oppnår bedre resultater en fylker hvor flere av disse kravene ikke er tilfredsstilt. Slike utvalg oppnår gjerne å få til en tettere kopling til kommunene og til at kommunene driver mer aktivt trafikksikkerhetsarbeid.*

Båe desse punkta finn de på side xi(s. 12) i rapporten. Samandraget i sin heilskap kan de lesa på side vi – xii (dvs. s. 7-13). Rapporten finn de her:

<https://evalueringsportalen.no/evaluering/hva-betyr-organisering-for-trafikksikkerhetsarbeidet-i-fylker-og-kommuner>

Ovannemnte argument er noko av grunnen til at me ynskjer eit politisk leia fylkeskommunalt trafikktryggingsutval.

2. Noko av føremålet med eit FTU er å svara ut vegtrafikklova §40a. som seier at fylkeskommunen har ei rolle i trafikksikringsarbeidet som ein aktør som samordnar og samrår tiltak. Det krev tett kontakt og samhandling med aktørane som jobbar med trafikktryggleik. Trygg Trafikk er eit døme på ein slik aktør, som er eit bindeledd mellom frivillig sektor og offentlege mynde. I Hordaland er me også samlokalisert med fylkeskommunen for nettopp å få til eit best mogleg og tverretatleg samarbeid. Me må alltid vera opne for å drøfta korleis trafikksikringsarbeidet kan bli endå betre enn i dag og rapporten frå Rogalansforskning gjev oss råd i så måte. Å etablera eit nytt FTU gjev oss grunnlag for å jobba vidare med å få dette til, samtidig som ein sikrar god fylkespolitisk forankring.
3. Etter 1.1.2020 vil fylkeskommunen få eit endå større ansvar for drift, vedlikehald og prosjektering av sitt eige vegnett. Det vil kunne krevja meir av politikarane som sit i nytt utval for samferdsle, og gjera det meir utfordrande samtidig å finna tilstrekkeleg med tid til å drøfta dei delane av trafikksikringsarbeidet som ikkje dreier seg om asfalt, t.d. opplæring, haldningsskapande arbeid, Trafikksikker kommune og fylkeskommune, Hjertesone, lokale trafikksikringsarrangement med vidare. Likevel er denne delen av trafikksikringsarbeidet svært viktig, både presisert i Nasjonal transportplan m.a. i kapittel 7 og i eigen *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021*.
4. Den ikkje-fysiske delen av trafikksikringsarbeidet er alt prioritert langt lågare enn dei fysiske tiltaka i trafikksikringsarbeidet. Dette sjølv om verknadsutrekningar vurderer åtferdsending frå trafikantane som svært effektivt for vidare reduksjon i drepne og hardt skadde i trafikken. Me er avhengig av å løfta den ikkje-fysiske delen av trafikksikringsarbeidet vidare, noko som også føreset at trafikktryggleiksmiljøet er kopla på politisk nivå og at det er god samhandling. Det krev makt, mynde og midlar, noko FTU bidreg til i dag og me håpar eit vidareutvikla nytt FTU vil ha minst same posisjon etter 1.1.2020 samanlikna med i dag. Det er viktig også med tanke på at fylkeskommunen blir ein endå viktigare trafikksikringsaktør etter evt. overdraging av Statens vegvesen sine oppgåver på fylkesvegnettet.

Ut frå ovannemnte argumentasjon håpar me difor at fellesnemnda i komande møte stadfestar vedtaket frå 21. september. Trygg Trafikk er ein uavhengig og landsomfattande organisasjon, som m.a. har distriktskontor i alle fylke for nettopp å samarbeida tett med fylkeskommunane. Om nokon ynskjer nærare informasjon om trafikksikringsarbeidet, FTU-modellen eller vil drøfta desse spørsmåla nærare, er det berre til å ta kontakt. Døra vår er open både for politikarar og administrasjon.

Med venleg helsing  
Trygg Trafikk

Audun Heggstad,  
distriktsleiar Sogn og Fjordane

Knut Olav Røssland Nestås,  
distriktsleiar Hordaland

**Fra:** Thorbjørn Aarethun (Thorbjorn.Aarethun@hfk.no)

**Sendt:** 13.11.2018 10:47:31

**Til:** Anita Fjellheim

**Kopi:**

**Emne:** VS: Til arkivering. VS: Innspel til poltikarane i fellesnemnda om Fylkestrafikktryggingssutval i nye Vestland fylkeskommune

**Vedlegg:** Fylkestrafikktryggingssutval i nye Vestland fylkeskommune.pdf

---

**Fra:** Knut Olav Røssland Nestås <[Nestas@tryggtrafikk.no](mailto:Nestas@tryggtrafikk.no)>

**Sendt:** fredag 19. oktober 2018 15:01

**Til:** Aleksander Øren Heen <[Aleksander.Heen@sfj.no](mailto:Aleksander.Heen@sfj.no)>; 'afa@sp.no' <[afa@sp.no](mailto:afa@sp.no)>; Alfred Jens Bjørlo <[Alfred.Jens.Bjorlo@sfj.no](mailto:Alfred.Jens.Bjorlo@sfj.no)>; Anders Ryssdal <[Anders.Ryssdal@sfj.no](mailto:Anders.Ryssdal@sfj.no)>; 'abn@bomlo.kommune.no' <[abn@bomlo.kommune.no](mailto:abn@bomlo.kommune.no)>; 'ag.hestetun@gmail.com' <[ag.hestetun@gmail.com](mailto:ag.hestetun@gmail.com)>; 'Njærheim, Anne Beth' <[annebeth.njarheim@bomlo.kommune.no](mailto:annebeth.njarheim@bomlo.kommune.no)>; Anne Kristin Lilleaasen <[Anne.Kristin.Lilleaasen@sfj.no](mailto:Anne.Kristin.Lilleaasen@sfj.no)>; Arnstein Menes <[Arnstein.Menes@sfj.no](mailto:Arnstein.Menes@sfj.no)>; 'astrid.aarhus.byrknes@lindas.kommune.no' <[astrid.aarhus.byrknes@lindas.kommune.no](mailto:astrid.aarhus.byrknes@lindas.kommune.no)>; 'atle.kvale@hfk.no' <[atle.kvale@hfk.no](mailto:atle.kvale@hfk.no)>; 'audkarino@hotmail.com' <[audkarino@hotmail.com](mailto:audkarino@hotmail.com)>; 'beate.husa@gmail.com' <[beate.husa@gmail.com](mailto:beate.husa@gmail.com)>; 'benthe.bondhus8@gmail.com' <[benthe.bondhus8@gmail.com](mailto:benthe.bondhus8@gmail.com)>; Bjørn Erik Hollevik <[Bjorn.Erik.Hollevik@sfj.no](mailto:Bjorn.Erik.Hollevik@sfj.no)>; 'dan.femoen@fagjuristene.no' <[dan.femoen@fagjuristene.no](mailto:dan.femoen@fagjuristene.no)>; 'daniel.charles.hextall@sv.no' <[daniel.charles.hextall@sv.no](mailto:daniel.charles.hextall@sv.no)>; 'emil.gadolin@gmail.com' <[emil.gadolin@gmail.com](mailto:emil.gadolin@gmail.com)>; 'Angeltveit88@gmail.com' <[Angeltveit88@gmail.com](mailto:Angeltveit88@gmail.com)>; 'Geir.kjell.andersland@venstre.no' <[Geir.kjell.andersland@venstre.no](mailto:Geir.kjell.andersland@venstre.no)>; Gunhild Alis Berge Stang <[Gunhild.Berge.Stang@sfj.no](mailto:Gunhild.Berge.Stang@sfj.no)>; Gunn Åmdal Mongstad <[Gunn.Amdal.Mongstad@sfj.no](mailto:Gunn.Amdal.Mongstad@sfj.no)>; 'gb@nhomd.no' <[gb@nhomd.no](mailto:gb@nhomd.no)>; 'Gustav.Bahus@hfk.no' <[Gustav.Bahus@hfk.no](mailto:Gustav.Bahus@hfk.no)>; Helen Hjertaas <[Helen.Hjertaas@sfj.no](mailto:Helen.Hjertaas@sfj.no)>; 'helnev@hfk.no' <[helnev@hfk.no](mailto:helnev@hfk.no)>; Henrik Oppen <[Henrik.Oppen@sfj.no](mailto:Henrik.Oppen@sfj.no)>; Hilmar Høl <[Hilmar.Hol@sfj.no](mailto:Hilmar.Hol@sfj.no)>; 'iriscjoh@online.no' <[iriscjoh@online.no](mailto:iriscjoh@online.no)>; Jakob Andre Sandal <[Jakob.Andre.Sandal@sfj.no](mailto:Jakob.Andre.Sandal@sfj.no)>; Jenny Ellaug Følling <[jenny.folling@sfj.no](mailto:jenny.folling@sfj.no)>; 'jon.askeland@radoy.kommune.no' <[jon.askeland@radoy.kommune.no](mailto:jon.askeland@radoy.kommune.no)>; Jon Olav Kvamme <[Jon.Olav.Kvamme@sfj.no](mailto:Jon.Olav.Kvamme@sfj.no)>; Karen Marie Hjelmseter <[Karen.Marie.Hjelmseter@sfj.no](mailto:Karen.Marie.Hjelmseter@sfj.no)>; 'kari@lo-bergen.no' <[kari@lo-bergen.no](mailto:kari@lo-bergen.no)>; Karianne Alette Torvanger <[Karianne.Alette.Torvanger@sfj.no](mailto:Karianne.Alette.Torvanger@sfj.no)>; 'p-ank@online.no' <[p-ank@online.no](mailto:p-ank@online.no)>; 'kinebratli@gmail.com' <[kinebratli@gmail.com](mailto:kinebratli@gmail.com)>; 'kjell.gitton@gmail.com' <[kjell.gitton@gmail.com](mailto:kjell.gitton@gmail.com)>; 'linda.h.jondahl@gmail.com' <[linda.h.jondahl@gmail.com](mailto:linda.h.jondahl@gmail.com)>; Marita Gunn Aarvik <[Marita.Gunn.Aarvik@sfj.no](mailto:Marita.Gunn.Aarvik@sfj.no)>; 'mchammer@online.no' <[mchammer@online.no](mailto:mchammer@online.no)>; Mona Rosvik Strømme <[Mona.rosvik.stromme@gmail.com](mailto:Mona.rosvik.stromme@gmail.com)>; 'ngolis@gmail.com' <[ngolis@gmail.com](mailto:ngolis@gmail.com)>; 'nils.marton.aadland@meland.kommune.no' <[nils.marton.aadland@meland.kommune.no](mailto:nils.marton.aadland@meland.kommune.no)>; Noralv Distad <[Noralv.Distad@sfj.no](mailto:Noralv.Distad@sfj.no)>; 'olav.kvinge@gmail.com' <[olav.kvinge@gmail.com](mailto:olav.kvinge@gmail.com)>; Ole Johnny Stubhaug <[Ole.Johnny.Stubhaug@sfj.no](mailto:Ole.Johnny.Stubhaug@sfj.no)>; 'pal.karbo@hfk.no' <[pal.karbo@hfk.no](mailto:pal.karbo@hfk.no)>; 'ragnhild.fagerbakke@live.no' <[ragnhild.fagerbakke@live.no](mailto:ragnhild.fagerbakke@live.no)>; 'renate.klepsvik@austevoll.kommune.no' <[renate.klepsvik@austevoll.kommune.no](mailto:renate.klepsvik@austevoll.kommune.no)>; 'roald.kvamme@arbeiderpartiet.no' <[roald.kvamme@arbeiderpartiet.no](mailto:roald.kvamme@arbeiderpartiet.no)>; Roa-stei <[Roa-stei@online.no](mailto:Roa-stei@online.no)>; 'sara.sekkingstad@gmail.com' <[sara.sekkingstad@gmail.com](mailto:sara.sekkingstad@gmail.com)>; Senea Sabanovic <[Senea.Sabanovic@sfj.no](mailto:Senea.Sabanovic@sfj.no)>; 'sigbjorn.framnes@gmail.com' <[sigbjorn.framnes@gmail.com](mailto:sigbjorn.framnes@gmail.com)>; Sigurd Erlend Reksnes <[Sigurd.Erlend.Reksnes@sfj.no](mailto:Sigurd.Erlend.Reksnes@sfj.no)>; 'silja.bjorkly@gmail.com' <[silja.bjorkly@gmail.com](mailto:silja.bjorkly@gmail.com)>; Sonja Merethe Øvre-Flo <[Sonja.Merethe.Ovre-Flo@sfj.no](mailto:Sonja.Merethe.Ovre-Flo@sfj.no)>; 'stein@ryssdal.net' <[stein@ryssdal.net](mailto:stein@ryssdal.net)>; 'synnovesolbakken57@gmail.com' <[synnovesolbakken57@gmail.com](mailto:synnovesolbakken57@gmail.com)>; 'tes@os-ho.kommune.no' <[tes@os-ho.kommune.no](mailto:tes@os-ho.kommune.no)>; 'tstomren@gmail.com' <[tstomren@gmail.com](mailto:tstomren@gmail.com)>; 'taljosland@gmail.com' <[taljosland@gmail.com](mailto:taljosland@gmail.com)>; Torbjørn Vereide <[Torbjorn.Vereide@sfj.no](mailto:Torbjorn.Vereide@sfj.no)>; Trude Brosvik <[Trude.Brosvik@sfj.no](mailto:Trude.Brosvik@sfj.no)>; Åshild Johanne Høvik Kjelsnes <[Ashild.Kjelsnes@sfj.no](mailto:Ashild.Kjelsnes@sfj.no)>; 'oyvindstrommen@gmail.com' <[oyvindstrommen@gmail.com](mailto:oyvindstrommen@gmail.com)>

**Kopi:** Audun Heggstad <[Heggstad@tryggtrafikk.no](mailto:Heggstad@tryggtrafikk.no)>

**Emne:** Innspel til poltikarane i fellesnemnda om Fylkestrafikktryggingssutval i nye Vestland fylkeskommune

Hei!

Me ynskjer med dette å gje eit innspel i forkant av neste møte i fellesnemnda om Fylkestrafikktryggingssutval i nye Vestland fylkeskommune.

Om nokon ynskjer meir informasjon eller vil drøfta saka nærare, er det berre til å ta kontakt med Audun Heggstad i Sogn og Fjordane eller underteikna.



God helg etter kvart!

Med venleg helsing

**Knut Olav R. Nestås**

Distriktsleiar Hordaland

Tel: (+47) 41 20 61 32

E-post: [nestas@tryggtrafikk.no](mailto:nestas@tryggtrafikk.no)

**Trygg Trafikk**

Agnes Mowinckels Gate 5

Postboks 7900

5020 Bergen

[www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no)

Følg Trygg Trafikk på [Facebook](#)



## Notat

Dato: 08.10.2018  
Arkivsak: 2015/1434-687  
Saksbehandlar: Marianne Seim

---

**Til:** Fellesnemnda-AU  
Fellesnemnda

---

**Frå:** Prosjektleiar

---

### Felles personvernombud

Etter ny personvernlovgjeving jf. Personvernforordningen artikkel 37, er Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune pålagt å ha eit personvernombod frå 20. juli 2018.

Personvernombodet vart tilsett i Hordaland fylkeskommune frå 2. april 2018. Personvernombodet har og ombudsrolla for Sogn og Fjordane fylkeskommune, men slik at denne sjølv tek ansvar for å byggje opp naudsynte system, rutinar, prosedyrar og rolleavklaringar internt.

Kjerneoppgåvene for ombodet er å informere, gi råd, kontrollere og vere eit kontaktpunkt for den registrerte. Det er utarbeidd ein instruks for ombodsfunksjonen.

Personvernombodet har og rolla som personvernrådgjever i Hordaland fylkeskommune, og det må takast høgde for at dette kan medføre interessekonflikt og / eller bli oppfatta å råke ved integritet og habilitet hos vedkommande. Det er derfor lagt inn i arbeidsinstruksen for stillinga som personvernombod at ordninga med denne todelinga skal evaluerast i desember 2018.

Personvernombodet ligg per i dag i Hordaland fylkeskommune i fagleg linje til konstituert fylkesrådmann og fylkesdirektør økonomi og organisasjon har personalansvaret. Ved fylkeskommunen i Sogn og Fjordane rapporterer ombodet direkte til ass. fylkesrådmann.

Personvernombodet deltek i eit nyoppretta nasjonalt nettverk for fylkeskommunale personvernombod. Det er tenleg at omboda jobbar i fellesskap om felles løysingar for felles utfordringar og skapar likeins rutinar det det er fornuftig.

Ordninga med personvernombod vert vidareført inn i nye Vestland fylkeskommune frå 01.01.2020.

**PS 44/18 Ymse**

Saksbehandlar: Ole I. Gjerald, Fylkesrådmannen, Sogn og fjordane  
Sak nr.: 2015/1434-690

## Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda-AU	34/18	18.10.2018
Fellesnemnda	45/18	16.11.2018

## Politisk organisering i Vestland fylkeskommune - tilleggsutgreiing fase II

### SAMANDRAG

Fellesnemnda vedtok i sak 35/18 «Politisk organisering i Vestland fylkeskommune – fase II» at prosjektleiar skal leggje fram ei nærare utgreiing i høve føremonar og ulemper knytt til oppretting av eit eige planutval (prosessutval) og eit eige likestillingsutval i den framtidige politiske strukturen. Denne saka tek føre seg nemnde utgreiing.

Prosjektleiar rår til at fellesnemnda for etablering av Vestland fylkeskommune opprettar eit planutval som politisk leiande prosessorgan for regional planlegging med verknad frå 01.01.2020. Planutvalet skal skape politisk forankring og sikre at heilskapsomsynet vert ivareteke gjennom regionale planprosessar. Prosjektleiar rår til at utvalet som leiande prosessorgan får personsamanfall med fylkesutvalet.

Planutvalet sine retningsgjevande føringar og innspel vil liggje til grunn for fylkesrådmannen og administrasjonen sitt samla planarbeid. Fylkesrådmannen legg fram arbeidsdokument for planutvalet etter ein fastsett plan, der utvalet får høve til å gje strategisk retning og signal i pågåande planprosessar. Fylkesrådmannen legg deretter aktuelle regionale planar fram for handsaming i dei respektive hovudutvala, fylkesutvalet og fylkestinget, jf. plan og bygningslova sine reglar. Prosjektleiar meiner det nye fylkestinget, etter å ha hausta erfaringar med eit eige planutval som politisk leiande prosessorgan gjennom den første valperioden 2019-2023, tek ordninga opp til vurdering gjennom ei evaluering.

Prosjektleiar meiner prinsipielt vi bør ha ei tilnærming til opprettinga av politiske organ som baserer seg på effektivitet og samordning av ansvar, oppgåver og fagtema der vi kan. Prosjektleiar rår fellesnemnda til å leggje ansvaret for å ivareta likestilling, likeverd og mangfald i Vestland fylkeskommune til administrasjonsutvalet, etter modell frå Hordaland fylkeskommune. Administrasjonsutvalet følgjer i ein slik modell opp kommunelova sine krav, og tek eit overordna ansvar for fylkeskommunen sine lovpålagde oppgåver knytt til likestilling, likeverd og mangfald. Utvalet initierer tiltak som fremjar likestilling og hindrar forskjellsbehandling slik likestillingslova krev.

**Prosjektleiar rår fellesnemnda sitt arbeidsutval til å gje slik tilråding:  
Fellesnemnda sitt arbeidsutval rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

1. Fellesnemnda for etablering av Vestland fylkeskommune opprettar eit planutval som politisk leiande prosessorgan for regional planlegging med verknad frå 01.01.2020. Planutvalet skal skape politisk forankring og sikre heilskapsomsynet for regionale planar, og får personsamanfall med det nye fylkesutvalet.
2. Planutvalet vil, som politisk leiande prosessorgan, ha følgjande arbeidsform:
  - a) Fylkesrådmannen legg fram arbeidsdokument for planutvalet etter ein fastsett plan, der utvalet gjer strategisk retning for pågåande planprosessar.
  - b) Fylkesrådmannen legg aktuelle regionale planar fram for handsaming i dei respektive hovudutvala, fylkesutvalet og fylkestinget, jf. plan og bygningslova sine reglar.
3. Det nye fylkestinget haustar erfaringar med å nytte fylkesutvalet som planutval gjennom den første valperioden 2019-2023. Fylkestinget tek ved utgangen av valperioden ordninga opp til vurdering gjennom ei evaluering.
4. Fellesnemnda legg ansvaret for å ivareta likestilling, likeverd og mangfald i Vestland fylkeskommune til administrasjonsutvalet frå 01.01.2020.
5. Administrasjonsutvalet følgjer opp kommunelova sine krav om å gjere greie for den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling i organisasjonen. Utvalet set i verk tiltak som fremjar likestilling og hindrar forskjellsbehandling slik likestillingslova krev. Utvalet tek eit overordna ansvar for fylkeskommunane sine lovpålagde oppgåver knytt til likestilling, likeverd og mangfald.

**Saksprotokoll i fellesnemnda-AU - 18.10.2018**

**Jenny Følling (Sp)** sette fram slikt tillegg:

«Nytt punkt 6

Hovudutvalsleiarane bør tiltre planutvalet i prosessdrøftingane.»

**Røysting.**

Prosjektleiar sitt forslag med Følling sitt tillegg vart vedteke som innstilling til fellesnemnda.

**Innstilling til fellesnemnda**

1. Fellesnemnda for etablering av Vestland fylkeskommune opprettar eit planutval som politisk leiande prosessorgan for regional planlegging med verknad frå 01.01.2020. Planutvalet skal skape politisk forankring og sikre heilskapsomsynet for regionale planar, og får personsamanfall med det nye fylkesutvalet.
2. Planutvalet vil, som politisk leiande prosessorgan, ha følgjande arbeidsform:
  - a) Fylkesrådmannen legg fram arbeidsdokument for planutvalet etter ein fastsett plan, der utvalet gjer strategisk retning for pågåande planprosessar.
  - b) Fylkesrådmannen legg aktuelle regionale planar fram for handsaming i dei respektive hovudutvala, fylkesutvalet og fylkestinget, jf. plan og bygningslova sine reglar.

3. Det nye fylkestinget haustar erfaringar med å nytte fylkesutvalet som planutval gjennom den første valperioden 2019-2023. Fylkestinget tek ved utgangen av valperioden ordninga opp til vurdering gjennom ei evaluering.
4. Fellesnemnda legg ansvaret for å ivareta likestilling, likeverd og mangfald i Vestland fylkeskommune til administrasjonsutvalet frå 01.01.2020.
5. Administrasjonsutvalet følgjer opp kommunelova sine krav om å gjere greie for den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling i organisasjonen. Utvalet set i verk tiltak som fremjar likestilling og hindrar forskjellsbehandling slik likestillingslova krev. Utvalet tek eit overordna ansvar for fylkeskommunane sine lovpålagde oppgåver knytt til likestilling, likeverd og mangfald.
6. Hovudutvalsleiarane bør tiltre planutvalet i prosessdrøftingane.

### **Vedlegg:**

1. Intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland, 17.01.2017.
2. Rollen som regional planmyndighet og planfaglig veileder i framtidens regioner, Kommunenes organisasjon, 11.09.2017 ([her](#)).
3. Politikk for likestilling, NOU 2012:15 ([her](#)).

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. BAKGRUNN FOR SAKA**

I fellesnemnda sitt reglement, vedteke i dagens to fylkesting 27.10.17, heiter det i § 7 at nemnda skal fastsetje modell for politisk organisering i den nye fylkeskommunen innanfor rammene som er fastlagde i intensjonsplanen. Nemnda har difor i sak 22/18 «Politisk organisering i den nye fylkeskommunen på Vestlandet» vedteke følgjande faste hovudutvalsstruktur:

- Hovudutval for samferdsel og mobilitet.
- Hovudutval for opplæring og kompetanse.
- Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon.
- Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Fellesnemnda sitt arbeidsutval og fellesnemnda fekk seg vidare førelagt ei sak til handsaming 10.09.18 og 21.09.18 som synleggjorde andre aktuelle politiske organ i Vestland fylkeskommune. Nemnda oppretta såleis i sak 35/18 «Politisk organisering i Vestland fylkeskommune – fase II» følgjande lovpålagde politiske organ, med verknad frå 01.01.2020:

- Kontrollutval.
- Administrasjonsutval.
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Råd for eldre.
- Ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom.
- Klagenemnd.
- Fylkesvalsstyre.

I den same saka oppretta fellesnemnda også desse politiske organ, med verknad frå 01.01.2020:

- Finansutval.
- Trafikktryggingsutval.
- Valnemnd.

Fellesnemnda vedtok vidare i sak 35/18 «Politisk organisering i Vestland fylkeskommune – fase II» at prosjektleiar til fellesnemnda 30.10.18 skal leggje fram ei nærare utgreiing i høve føremonar og ev. ulemper knytt til oppretting av eit eige planutval og eit eige likestillingsutval i den framtidige politiske strukturen. Denne saka tek føre seg nemnde utgreiing.

Fellesnemnda slutta seg 21.09.18 også til at nemnda i løpet av våren 2019 skal fastsetje delegering, mandat og samansetjing (representasjon) for framtidig yrkesopplæringsnemnd, jf. lov om grunnskulen og vidaregåande opplæring, samt fagskulestyre, jf. lov om høgare yrkesfaglig utdanning (fagskulelova). Prosjektleiar vil i samband med desse organa køyre ein eigen prosess for involvering og medverknad også frå relevante og sentrale næringsaktørar.

Prosjektleiar utarbeider framlegg til politisk delegeringsreglement til fellesnemnda seinast første kvartal 2019. Reglementet legg rammene for alle politiske utval og råd, herunder samansetjing/representasjon, mandat og mynde til å ta avgjerd på vegne av fylkeskommunen. Reglementet inkluderer også tal medlemer og delegering av mynde til fylkesutvalet og dei fire hovudutvala.

## **2. TILLEGGSGREIING TIL POLITISK ORGANISERING: PLANUTVAL OG LIKESTILLINGSUTVAL**

Fellesnemnda vedtok i sak 35/18 «Politisk organisering i Vestland fylkeskommune – fase II» at prosjektleiar til fellesnemnda 30.10.18 skal leggje fram ei nærare utgreiing i høve føremonar og ev. ulemper knytt til oppretting av eit eige planutval og eit eige likestillingsutval i den framtidige politiske strukturen. Denne saka tek føre seg nemnde utgreiing.

### **2.1 Planutval – prosessorgan for overordna planarbeid**

Fylkesutvalet i Hordaland har det overordna ansvaret for samordning av den fylkeskommunale verksemda, og har gjennom denne rolla også eit særleg ansvar for å vedta overordna planar. Alle saker frå dei faste utvala som gjeld planar og økonomi skal handsamast av fylkesutvalet før endeleg avgjerd.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane har eit tilsvarande ansvar. Til å følgje dei regionale planprosessane er det i tillegg oppretta eit eige planutval (planprosessutval). Planutvalet gjev politiske styringssignalar i høve pågåande planarbeid, og er såleis involvert i sjølve planutforminga i større grad enn fylkesutvalet elles ville vore i dei regionale planprosessane. Døme på regionale planprosessar der planutvalet har vore sentralt siste to åra er regional strategisk plan for kysten, regional plan for klimaomstilling, strategi for tettstadutvikling og senterstruktur, regional transportplan samt regional plan for vassforvaltning.

Dei regionale planane vert vedtekne av fylkestinget, men før dei kjem så langt er det planutvalet som – i dialog med administrasjonen – medverkar i definering av hovudtema og set retning på arbeidet fram til formell handsaming i hovudutval, fylkesutval og fylkesting.

### ***Ivaretaking av samfunnsutviklarrolla***

Det vert gjennom regionreforma sett tydelegare forventningar til fylkeskommunane si ivaretaking av den regionale samfunnsutviklarrolla. Prosjektleiar ønskjer ei drøfting om eit planutval som prosessorgan kan medverke til å sikre eit heilskapleg regionalt plansystem for nye Vestland fylke. Slik prosjektleiar ser det, inneber samfunnsutviklarrolla at fylkeskommunen betre enn i dag ivaretek tre sentrale dimensjonar:

- Gje strategisk retning til samfunnsutviklinga.
- Samordne og koordinere offentleg innsats og verkemiddelbruk.
- Mobilisere privat sektor, kulturliv og lokalsamfunn.

### **Strategisk retning gjennom brei politisk forankring**

Prosjektleiari vurderer behovet for tydeleg politisk forankring som særleg stort for utforminga av mål, strategiar og regionale planar for eit nytt samla geografisk område, nye Vestland fylke. Dette omsynet talar for ei definert politisk prosessstilnærming og aktiv deltaking i arbeidet med dei regionale planane som skal formast. Prosjektleiari meiner dette er særleg kritisk i første valperioden. Ei politisk organisering som inkluderer eit eige prosess- og retningsgjevande planutval vil såleis kunne vere føremålstenleg i Vestland fylkeskommune frå 01.01.2020. Prosjektleiari føreslår at det nye fylkestinget haustar erfaringar med den nye ordninga med eit eige planprosessutval, og at fylkestinget ved utgangen av første valperiode tek ordninga opp til vurdering gjennom ei evaluering.

### **Samordning gjennom regionale plansystem**

Prosjektleiari ønskjer vidare å framheve behovet for utvikling av regionale plansystem som stimulerer til faktisk *plangjennomføring*. Dei nye fylkeskommunane bør utvikle robuste regionale plansystem og prosessar som gjer at ein på politisk side ser regionale planar i samanheng. Fylkeskommunen og den regionale staten si breidde av oppgåver, tenester og myndigheitsforvaltning bør inngå i plansystemet. Regionale planar bør ikkje sjåast på som *isolerte* og *individuelle*, men må – slik prosjektleiari ser det – inngå i eit regionalt heilskapleg plansystem der det er tydeleg samanheng frå overordna regionale mål og strategiar til konkrete prioriteringar i økonomiplan og verksemdsstyringa.

Vi bør syte for at det er ein tydeleg samanheng i det regionale plansystemet mellom dei ulike *plannivåa*:

- Regional planstrategi
- Val av mål og strategiar i dei regionale planane
- Konkretiserande handlingsdelar i regionale planar
- Føringar for gjennomføring i andre tematiske planar
- Verksemdsplanlegging
- Fylkeskommunen sin økonomiplan og budsjett

Regionreforma tek utgangspunkt i utfordringane som ligg i dagens plansystem, og legg opp til at føresetnadane for at ein nettverks-/partnarskapslogikk skal fungere m.a. ligg i betre plansamordning.

### **Mobilisering gjennom klare politiske prioriteringar**

Prosjektleiari meiner det vil vere behov for sterk strategisk leiing og samordning *på tvers av sektorane* i dei nye fylkeskommunane for å styrke plangjennomføringa. Sterkare samordning og ei tydeleg politisk prioritering vil truleg også ha ein positiv effekt i høve til behovet for å mobilisere kommunar og regional stat til å medverke i planutforming, oppfølging og plangjennomføring. Politisk leiarskap og tett oppfølging gjennom eit eige planutval vil også medverke til å avstemme kvar vi mobiliserer kommunar og regionale statlege etatar.

### **Prosjektleiari si samla vurdering**

Prosjektleiari rår til at fellesnemnda for etablering av Vestland fylkeskommune opprettar eit planutval som politisk leiande prosessorgan for regional planlegging med verknad frå 01.01.2020. Planutvalet skal skape brei politisk forankring og sikre heilskapsomsynet for regionale planar.

Prosjektleiari inviterer til ei drøfting omkring planutvalet si samansetjing, og konkret om fylkesutvalet bør ta den beskrivne rolla som planutval utan at «dei politiske sektorleiarane» (hovudutvalsleiarane) vert trekte inn direkte (dersom dei ikkje alt er medlemmer i fylkesutvalet). Ved å ikkje trekke hovudutvalsleiarane inn som medlemmer i planutvalet, kan vi stå i fare for å skape ein uheldig maktkonsentrasjon i den nye politiske organiseringa. Ei supplering av fylkesutvalet, slik at også hovudutvalsleiarane tiltrer planutvalet/prosessdrøftinga, vil gjerne styrke den regionale faglege heilskapen samt samordningsbehovet i den regionale planlegginga.



Planutvalet vil, som politisk leiande prosessorgan, gje strategisk retning for fylkesrådmannen og administrasjonen i sjølve planutformingsarbeidet. Fylkesrådmannen legg fram arbeidsdokument for planutvalet etter ein fastsett plan, der utvalet får høve til å gje retning for pågåande planprosessar. Fylkesrådmannen legg aktuelle regionale planar fram for handsaming i dei respektive hovudutvala, fylkesutvalet og fylkestinget, jf. plan og bygningslova sine reglar.

Prosjektleiari syner elles til fellesnemnda sine politiske arbeidsverkstader den 08.03.18 og 04.05.18, der regionale planar gjennomgåande vart lagt inn under fylkesutvalet i samband med oppgåvefordeling for den nye politiske grunnstrukturen. Omgrepa strategisk retning og heilskapsomsyn i den regionale planlegginga var eit argument som gjekk att i vurderinga for denne innplasseringa. Prosjektleiari støttar dette synet, og vurderer det slik at fylkesutvalet som leiande planprosessorgan vil ivareta denne rolla.

Prosjektleiari meiner det nye fylkestinget, etter å ha hausta erfaringar med eit eige planutval som politisk leiande prosessorgan gjennom den første valperioden 2019-2023, tek ordninga opp til vurdering gjennom ei evaluering.

## **2.2 Likestillingsutval – eige utval eller innarbeid i administrasjonsutvalet?**

I Hordaland fylkeskommune er det administrasjonsutvalet som ser til at likestilling, likeverd og mangfald vert ivareteke på ein god måte i fylkeskommunen som organisasjon samt i vedtak som vert gjort. Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag oppretta eit eige likestillingsutval. Likestillingsutvalet har det overordna ansvaret for likestilling, likeverd og mangfald i fylkeskommunen, slik administrasjonsutvalet har det i Hordaland. Føremålet er å setje eit eige fokus på at både medarbeidarar og brukarar av fylkeskommunale tenester skal oppleve fylkeskommunen som ei verksemd som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfald.

Fylkeskommunen har etter kommunelova ansvar for å gjere greie for den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling i organisasjonen. Fylkeskommunen skal òg gjere greie for tiltak som er sette i verk og er planlagde for å fremje likestilling og hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingslova.

Prosjektleiari vurderer det som særskilt viktig å ivareta likestilling, likeverd og mangfald i all myndigheitsutøving, men meiner det lovpålagde og overordna likestillingsansvaret bør leggjast til det framtidige administrasjonsutvalet som vart vedteke oppretta gjennom sak 35/18 «Politisk organisering i Vestland fylkeskommune – fase II».

Gjennom NOU 2012:15 Politikk for likestilling vart det gjennomført ei brei kartlegging av det regionale og lokale likestillingsarbeidet. Kartlegginga synte at kommunar og fylkeskommunar gjer ein varierende innsats på området. Om lag 10% av kommunane i kartlegginga kunne informere om at dei har eit eige politisk organ som særskilt ser på kjønnslikestilling i eigen organisasjon. To tredelar av kommunane og fylkeskommunane hadde på dette tidspunktet ingen handlingsplan for likestilling. Mindre enn ein tredel av kommunane og fylkeskommunane svarta at dei i stor grad har kjennskap til aktivitets- og rapporteringsplikta i lovgivinga knytt til likestilling. Likestilling var elles berre sporadisk nemnt i kommuneplanar, og då hovudsakleg gjennom ein generell omtale. Fylkeskommunane fekk noko høgare score på likestilling som tema i fylkesplanane og i dei regionale planstrategiane. Verken fylkeskommunar eller fylkesmannsembeta stod fram som kompetansemiljø på arbeidet knytt til likestilling.

### ***Prosjektleiari si samla vurdering***

Prosjektleiari rår fellesnemnda til å leggje ansvaret for å ivareta likestilling, likeverd og mangfald i Vestland fylkeskommune til administrasjonsutvalet, etter modell frå Hordaland fylkeskommune. Fellesnemnda vedtok oppretting av administrasjonsutval i sak 35/18 «Politisk organisering i Vestland fylkeskommune – fase II». Administrasjonsutvalet vil slik følgje opp kommunelova sine krav om å gjere greie for den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling i organisasjonen. Utvalet set også i verk konkrete tiltak som fremjar likestilling og hindrar forskjellsbehandling slik likestillingslova krev. Utvalet

tek slik eit overordna ansvar for fylkeskommunane sine lovpålagde oppgåver knytt til likestilling, likeverd og mangfald.

### **3. PROSJEKLEIAR SI TILRÅDING**

Prosjektlear rår til at fellesnemnda for etablering av Vestland fylkeskommune opprettar eit planutval som politisk leiande prosessorgan for regional planlegging med verknad frå 01.01.2020. Planutvalet skal skape brei politisk forankring og sikre heilskapsomsynet for regionale planar. Prosjektlear rår til at utvalet som leiande prosessorgan får personsamanfall med fylkesutvalet.

Planutvalet sine retningsgjevande føringar vil liggje til grunn for fylkesrådmannen og administrasjonen sitt samla planarbeid. Fylkesrådmannen legg fram arbeidsdokument for planutvalet etter ein fastsett plan, der utvalet får høve til å gje strategisk retning for pågåande planprosessar. Fylkesrådmannen legg deretter aktuelle regionale planar fram for handsaming i dei respektive hovudutvala, fylkesutvalet og fylkestinget, jf. plan og bygningslova sine reglar. Prosjektlear meiner det nye fylkestinget, etter å ha hausta erfaringar med eit eige planutval som politisk leiande prosessorgan gjennom den første valperioden 2019-2023, tek ordninga opp til vurdering gjennom ei evaluering.

Prosjektlear meiner samstundes prinsipielt vi bør ha ei tilnærming til opprettinga av politiske organ som baserer seg på effektivitet og samordning av tema der vi kan. Prosjektlear rår fellesnemnda til å leggje ansvaret for å ivareta likestilling, likeverd og mangfald i Vestland fylkeskommune til administrasjonsutvalet, etter modell frå Hordaland fylkeskommune. Administrasjonsutvalet følgjer i ein slik modell opp kommunelova sine krav om å gjere greie for den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling i organisasjonen. Utvalet set i verk tiltak som fremjar likestilling og hindrar forskjellsbehandling slik likestillingslova krev. Utvalet tek eit overordna ansvar for fylkeskommunane sine lovpålagde oppgåver knytt til likestilling, likeverd og mangfald.

Administrasjonsutvalet følgjer slik opp kommunelova sine krav om å gjere greie for den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling i organisasjonen. Utvalet set også i verk tiltak som fremjar likestilling og hindrar forskjellsbehandling slik likestillingslova krev. Utvalet tek slik eit overordna ansvar for fylkeskommunane sine lovpålagde oppgåver knytt til likestilling, likeverd og mangfald.



Sogn og Fjordane  
fylkeskommune



Hordaland  
fylkeskommune

## INTENSJONSPLAN FOR SAMANSLÅING AV SOGN OG FJORDANE OG HORDALAND

### INNHALD

<b>1.</b>	<b>Innleiing</b>	<b>2</b>
<b>2.</b>	<b>Mål for samanslåing</b>	<b>2</b>
<b>3.</b>	<b>Eit nytt regionalt folkevalt nivå på det sentrale Vestlandet</b>	<b>4</b>
3.1	Regionen sitt namn og merke	
3.2	Representantar i regiontinget	
3.3	Regionen si valordning	
3.4	Politisk styreform	
3.5	Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing	
3.6	Regiontinget, regionutvalet og hovudutvala sine samlingar og møte	
3.7	Administrasjonsspråk og statleg tenestespråk	
<b>4.</b>	<b>Leiing, organisering, arbeidsdeling</b>	<b>5</b>
4.1	Politisk organisering	
4.2	Administrativ organisering	
<b>5.</b>	<b>Framtidig tenesteyting</b>	<b>7</b>
<b>6.</b>	<b>Tilsette</b>	<b>8</b>
<b>7.</b>	<b>Økonomi</b>	<b>8</b>
<b>8.</b>	<b>Samansetting av fellesnemnd for overgangsperioden 2017 - 2020</b>	<b>9</b>
<b>9.</b>	<b>Val av nytt regionting</b>	<b>9</b>
<b>10.</b>	<b>Vilkår for den nye regionen</b>	<b>9</b>

17.01.2017

## 1. INNLEIING

Fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland vil slå saman dei to fylka frå 01.01.2020. Dagens to fylkeskommunar vert då erstatta av ein ny region som dekker ein stor del av det sentrale Vestlandet; Vestlandsregionen.

Intensjonsplanen dannar grunnlaget for vedtak om samanslåing. Vedtaka vert gjort i dei respektive fylkestinga. Dei to fylkestinga søker så Stortinget om å bli slegne saman i ein ny folkevald region.

Fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland set som vilkår for å etablere ein Vestlandsregion med til saman 630.000 innbyggjarar, at vi får overført ansvaret for fleire statlege samfunnsoppgåver, samt at vi får behalde dei viktigaste oppgåvene vi har i dag. Ein annan sentral føresetnad for samanslåing er at regionreforma fører til at tal folkevalde regionar vert om lag 10 (reell regionreform).

## 2. MÅL FOR SAMANSLÅING

### Overordna mål

Vestlandsregionen skal vere ein sterk, attraktiv og kompetent samfunnsutviklar og tenesteytar under regional folkevald styring.

### Hovudmål 1 – Sterkare demokrati gjennom ein ny folkevald region

Regionen skal ha større demokratisk påverknad regionalt og nasjonalt, og skal sikre fleire statlege ressursar, etableringar og prioriteringar på Vestlandet enn fylkeskommunane kunne fått til kvar for seg.

#### Delmål

- Viktige samfunnsoppgåver blir overførte frå statleg til regionalt folkevalt nivå, og desse vert sett i samanheng med fylkeskommunane sine noverande oppgåver og ansvarsområde.
- Politiske og administrative nettverk skal vidareutviklast og styrkast.

### Hovudmål 2 – Framtidsretta samfunnsutvikling på Vestlandet

Vestlandsregionen skal sikre og utvikle gode og vekstkraftige lokalsamfunn og sterke by- og senterområde.

#### Delmål

- I samarbeid med kommunar og andre samfunnsaktørar skal Vestlandsregionen sikre busetjingsmønster, attraktivitet og eit allsidig næringsliv i heile regionen.
- Vestlandsregionen leier ein regional partnerskap som utviklar berekraftige og miljøvenlege by- og senterområde som sentra for næringsliv, kultur og høgare utdanning.
- Verkemiddelapparatet for næringsutvikling og innovasjon skal i større grad bygge opp under dei regionale partnerskapane sine satsingsområde.
- Bergensområdet skal utviklast som regionalt vekstsentrum og drivkraft for utvikling av heile regionen.
- Det skal vere ein god balanse mellom storbyen Bergen og distrikta elles i regionen.

### Hovudmål 3 – Høg kvalitet i tenestene

Vestlandsregionen skal vidareutvikle og sikre høg kvalitet i dei regionale tenestene til innbyggjarane, organisasjonar og næringslivet på Vestlandet.

#### Delmål

- Vestlandsregionen skal tilby brukarnære og gode tenester innanfor ein effektiv og desentralisert tenestestruktur.

### Hovudmål 4 – Strategisk infrastrukturbygging

Vestlandsregionen skal sikre ein framtidretta infrastruktur på Vestlandet, med mål om betra samband internt i regionen og gode kommunikasjonar mot resten av landet og ut i Europa.

#### Delmål

- Vestlandsregionen skal gjennom ei kontinuerleg satsing på infrastruktur og kommunikasjonar nytte synergiar mellom vekstkraftige sentra og omlandet betre. Auka samhandling og utvida bu- og arbeidsmarknadsregionar skapar sjølvgenererande vekst- og utvikling. Realisering av opprusta og ferjefri E39 vil vere ein viktig faktor for å utvikle Vestlandet som nasjonal vekstregion.
- Vestlandet er samla om at det er vesentleg med gode sambindingsvegar aust-vest, og at dei hovudkorridorane som vert valde dekkjer regionen samla best muleg.
- Gjennom strategisk infrastrukturplanlegging skal vi i større grad få tilgang til, og nytte, tilgjengelege ressursar og all tilgjengeleg kompetanse i regionen.
- Eit sentralt element i satsinga er ein sterkare digital infrastruktur, noko som styrkar regionen sin attraktivitet for busetnad og næringsetableringar.

### Hovudmål 5 – Kultur og identitetsbygging

Vestlandsregionen skal bidra til å bygge ein sterkare felles kultur og identitet på tvers av dagens fylkesgrenser, utan at dette går ut over innbygarane sin identitet til lokalsamfunna dei bur i. Vestlandsidentiteten har lange historiske tradisjonar.

Nynorsk har vore, og er, ein viktig felles identitetsbygger. Lokale skilnader i kultur vil, og skal framleis vere, viktig og eit felles mål å ta vare på.

#### Delmål

- Vestlandsregionen skal utviklast som merkevare og symbol.
- Eit breitt og mangfaldig kulturtilbod skal sette Vestlandsregionen på kartet som ein sterk og inkluderande kulturformidlar.

### Hovudmål 6 – Berekraftig forvaltning av samla ressursar

Vestlandsregionen skal, innanfor strukturane som vert valde, sikre ei betre forvaltning av dei samla ressursane på Vestlandet enn dagens fylkeskommunar gjer kvar for seg. Kompetansen og ressursane i heile regionen vert nytta.

#### Delmål

- Naturgjevne føresetnader og menneskelege ressursar på Vestlandet skal nyttast på ein heilskapleg og berekraftig måte.
- Faglege og administrative ressursar i regionen skal nyttast gjennom ei desentralisert organisering og effektiv samhandling.

### **3. EIT NYTT REGIONALT FOLKEVALT NIVÅ PÅ DET SENTRALE VESTLANDET**

#### **3.1 Regionen sitt namn og merke**

Fylkestinga går inn for at den nye regionen sitt namn blir Vestlandet/Vestlandsregionen.

Fellesnemnda får i oppgåve å føreslå eit nytt fylkes-/regionvåpen som kan vere eit samlande symbol for dei to noverande vestlandsfylka.

#### **3.2 Representantar i regiontinget**

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane går inn for at regiontinget får 65 representantar.

Fellesnemnda får i oppgåve å avklare talet nærare, og skal vidare sjå dette i samheng med kap. 3.3 i intensjonsplanen (regionen si valordning).

#### **3.3 Regionen si valordning**

Ein Vestlandsregion vert etablert som éin samla valkrins. Ordninga trer i kraft for region-/fylkestingsvalet hausten 2019.

Dersom Stortinget vedtek ein lovproposisjon i 2018 som opnar for ei valordning med utjamningsmandat, t.d. med tre representantar/mandat frå kvart av dagens fylke, vil Vestlandsregionen vurdere å nytte ei slik valordning frå og med hausten 2019.

#### **3.4 Politisk styringsform**

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane går inn for at formannskapsmodellen vert lagt til grunn som politisk styringsform for den nye regionen.

#### **3.5 Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing**

Bergen vert administrasjonssenter for Vestlandsregionen, med lokalisering av rådmannsfunksjon og politisk leiing.

#### **3.6 Regiontinget, regionutvalet og hovudutvala sine samlingar og møte**

Regiontinget skal ha årlege samlingar i dagens Sogn og Fjordane. Samlingar utover dette vert i hovudsak lagt til administrasjonssenteret.

Regionutvalet og hovudutvala sine møte vil i utgangspunktet vere lagt til administrasjonssenteret.

Hovudutvala og regionutvalet skal likevel vere fleksible og kunne alternere i regionen for å ivareta lokalkunnskap og for å halde oppe kontakten med lokalsamfunna i heile regionen. Alle utvala skal ha årlege samlingar i dagens Sogn og Fjordane.

#### **3.7 Administrasjonsspråk og statleg tenestespråk**


Nynorsk vert administrasjonsspråk og statleg tenestespråk for den nye regionen.

## 4. LEIING, ORGANISERING OG ARBEIDSDELING

Vestlandet skal organiserast slik at regionen samla kjem sterkare ut i eit godt samspel mellom distrikta og byområda.

### 4.1 Politisk organisering

Den politiske organiseringa inneber eit regionting, eit regionutval og fire hovudutval (grunnstruktur):



Fellesnemnda får i oppgåve å fremje forslag til den endelege politiske organiseringa innanfor desse rammene, herunder kontrollutval og administrasjonsutval. I denne vurderinga skal også tannhelsetenesta og alle nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået vurderast/innplasserast.

### 4.2 Administrativ organisering

Den nye regionen må utvikle ein samla organisasjonsplan. Organisasjonsplanen bør m.a. definere leiing og lineansvar, stabs- og støttefunksjonar og strategisk planleggingsansvar.

Administrasjonssjefen vil ha ansvar for overordna strategisk samordning og styring av regionen. Stabs- og støttefunksjonar kan vere økonomistyring, HR, innkjøp, IKT, bygge- og eigedomsforvaltninga m.m.

Strategisk planlegging kan omfatte m.a. regional planstrategi, klima og miljø og folkehelse.


Administrasjonssjefen skal sikre ein kompetent og effektiv organisasjon.

Oppgåver innanfor dei sentrale fagområda skal framleis kunne utførast i bådagens fylke. Tilsette kan halde fram å arbeide innanfor ulike sektorar, sjølv om dei ikkje bur og arbeider der administrativ sektorleiing har hovudsete. Dette gjeld også for dei sentrale stabs-, drifts- og støttefunksjonane, som også kan organiserast desentralisert og gjennomgåande i organisasjonen. Sektorinterne funksjonar og fagleg oppgåveløysing av meir operativ karakter kan organiserast med leiing og fysisk plassering andre stader enn der den administrative sektorleiinga er lokalisert.

Hovudutvalsstrukturen dannar utgangspunktet for den administrative organiseringa (leiingsdelinga):

<u>Hovudutval</u>	<u>Administrativ sektorleiing (geografisk plassering av toppleiing)</u>
Næring	Delt fagleg-administrativt ansvar: <u>Hordaland</u> og <u>Sogn og Fjordane</u>
Opplæring og idrett	<u>Hordaland</u>
Samferdsle	Kollektivtransport: <u>Hordaland</u> Veg: <u>Sogn og Fjordane</u>
Kultur	Kultur: <u>Sogn og Fjordane</u>

Den administrative organiseringa (leiingsdelinga) er nærare illustrert under:



Administrative sektorleiarar i den nye regionen skal ha tilstrekkelege strategiske funksjonar til å kunne utøve ei profesjonell og effektiv administrativ leiing, med nødvendige ressursar og kompetanse.

For å sikre ein regional balanse og tilstrekkeleg lokal tilknytning, vert oppgåvene innanfor dei ulike sektorane fordelte slik:

**Samferdsleområdet:** Under hovudutval for samferdsle vert ansvaret for kollektivtransporttilbodet og veg delt mellom to sektorleiarar. Sektorleiar for kollektivtransport får ansvaret for tenestetilbodet i heile regionen, og denne får sitt hovudsete i Hordaland (Bergen). Sektorleiar for veg får sitt hovudsete i Sogn og Fjordane. Det vil under denne sektorleiaren bli etablert eit tredelt plan- og strategiansvar for dei geografiske områda Sogn og Fjordane, Bergensområdet og distrikta i Hordaland.


**Vidaregåande opplæring og idrett:** Sektorleiar for vidaregåande opplæring og idrett skal ha sitt hovudsete i Hordaland (Bergen). Under denne leiaren vert plan- og strategiansvaret for den vidaregåande opplæringa i Bergensområdet lagt til Hordaland, medan tilsvarande plan- og strategiansvar for den vidaregåande opplæringa i distrikta utanom Bergensområdet vert lagt til Sogn og Fjordane.

**Næring:** Under hovudutval for næring vert det etablert eit delt geografisk ansvar basert på dagens fylke, Hordaland og Sogn og Fjordane (to likestilte sektorleiarar). Hovudutvalet skal samordne den næringsretta innsatsen i Vestlandsregionen.

**Kultur:** Sektorleiar for kultur skal ha sitt hovudsete i Sogn og Fjordane. Det vil under denne sektorleiaren bli etablert eit tredelt plan- og strategiansvar for dei geografiske områda Sogn og Fjordane, Bergensområdet og distrikta i Hordaland.

Dette kan også illustrerast gjennom følgjande matrise (organisasjonsskisse):





Endeleg administrativ organisering vert lagt på plass innanfor desse rammene.

## 5. FRAMTIDIG TENESTEYTING

Vestlandsregionen skal vidareutvikle og sikre høg kvalitet i dei regionale tenestene til innbyggjarane, organisasjonar og næringslivet på Vestlandet. Regionen skal tilby brukarnære og gode tenester innanfor ein effektiv og desentralisert tenestestruktur.

Vestlandsregionen skal yte best muleg tenester og service overfor innbyggjarane gjennom:

- Ein skulestruktur med eit breitt og likeverdig tilbod med fridom til å velje studieprogram
- Eit effektivt, miljøvenleg og framtidstidsretta kollektivtransportsystem
- Ein kvalitativt god standard på vegnett og ferjesamband
- Eit kulturtilbod med gode og tilgjengelege idrettsanlegg

Samordning på tvers av sektorar skal vere eit prioritert og tydeleg kjenneteikn ved Vestlandsregionen si framtidige tenesteyting.

Regionen si disponering av økonomiske ressursar er med på å legge rammene for tenestetilbodet og regionalt utviklingsarbeid. Det vil vere viktig å finne ein god balanse i bruken av ressursar retta mot Bergensområdet og distrikta i regionen.

## 6. TILSETTE

Vestlandsregionen skal utøve ei styrkt regionalpolitisk rolle som samfunnsutviklar og tenesteleverandør. Dette vil innebere ein større organisasjon og langt fleire tilsette enn det dei to fylkeskommunane kvar for seg har erfaring med å handtere i dag.

Eit viktig mål med samanslåinga er å skape betre føresetnader for ein kompetent og effektiv administrasjon og tenesteproduksjon, med attraktive og utviklande arbeidsplassar. Ingen som er tilsette i dei to fylkeskommunane på samanslåingstidspunktet skal kunne seiast opp som følgje av samanslåinga. Endringar i stilling og arbeidsoppgåver må likevel kunne reknast med.

Medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av «dublering» eller behov for ny organisering, vil få tilbod om annan høveleg stilling med utgangspunkt i kompetanse og arbeidserfaring etter på førehand haldne samtalar og drøftingar i samsvar med avtaleverk.

Vernet mot oppseiing av medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av samanslåinga, skal vare i 5 – fem – år frå samanslåingsdato. Ein skal i størst muleg grad nytte naturleg avgang som eit aktivt verkemiddel for å unngå oppseiing av tilsette i ein eventuell nedbemanningsprosess.

Dersom lokalisering av arbeidsplassar medfører endra arbeidsstad for noverande tilsette, skal det leggjast til rette for fleksible overgangsordningar slik at den tilsette får ei moglegheit til å halde fram med å jobbe i den nye regionen. Perioden for slike overgangsordningar skal ha 5 – fem – års varigheit frå samanslåingsdato. Generelle og spesielle overgangsordningar av denne typen vert fastsette etter nærare drøftingar med dei som vert berørte og med tillitsvalde.

Ingen tilsette skal få forringa sine løns- og arbeidsvilkår som følgje av samanslåinga. Det vert sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal utvikle ein felles lønspolitikk og få til ei harmonisering av dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår der dette er rimeleg. Partane skal forhandle fram felles retningsliner for handsaming av overtalige, der ein m.a. tek omsyn til rimeleg reisetid ved tilbod om endra arbeidsstad.

Samanslåinga skal ikkje svekke rolla til arbeidstakarorganisasjonane. Ein skal utøve samråding med representasjon frå dei eksisterande fylkeskommunane i den nye Vestlandsregionen. Dersom den nye regionen får fleire administrative nivå, må ein sikre ressursar til tillitsvalde også på desse nivåa, slik at samråding mellom tilsette og arbeidsgjevar kan gå føre seg her. Ressursane til tillitsvalde på alle nivå skal oppretthaldast (minst) som i dag.

## 7. ØKONOMI

Disponibel formue mv. frå dei to fylkeskommunane skal frå 01.01.2020 disponerast av det nye regiontinget til beste for innbyggjarar, samfunn og næringsliv i heile den nye Vestlandsregionen.

Då Sogn og Fjordane fylkeskommune har relativt høge netto formuesverdiar og høge lokale inntekter, blir fylket gitt høve til å la desse verdiane bli haldne utanfor regionetableringa i 2020. Dersom fylkeskommunen vel å gjere dette, vil fylket kunne leggje nemnde verdiar i eigne investerings- og disposisjonsfond. Det samla fondsbeløpet skal ikkje overstige 1,5 mrd.kr.

I så fall kan heile beløpet frå salet av Fjord1 AS (1.064 mill.kr, inkl. sluttoppgjer i juni 2020) og det fylkeskommunen eventuelt måtte ha av bokførte aksjeverdiar i SFE AS/SF Holding AS ved regionetableringa i 2020 (356 mill.kr pr. 31.12.16) fondsplasserast. Fondsmidlane, og utbytte av aksjane, skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane.

Fellesnemnda får i oppgåve å bli samde om vedtekter for fondet. Regiontinget vil delegere forvaltninga fondet til eit fondsstyre, valt av og blant regiontingets medlemmer. I fondsstyre skal representantar frå Sogn og Fjordane ha fleirtal.

## **8. SAMANSETTING AV FELLESNEMND FOR OVERGANGSPERIODEN 2017-2020**

Det vert oppnemnt ei fellesnemnd som går ut frå dei to noverande fylkestinga i samsvar med inndelingslova.

Nemnda skal vere samansett av dei to fylkesutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland, til saman 24 medlemmer. Fellesnemnda skal ha leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane.

Det vil bli vurdert å etablere eit arbeidsutval ut frå fellesnemnda sine medlemmer.

Arbeidsoppgåver, rolle og fullmakter for fellesnemnda vert fastsett ved vedtak i dei respektive fylkestinga.

## **9. VAL AV NYTT REGIONTING**

Fylkestinga går inn for at representantar til det nye regiontinget vert valde gjennom valet hausten 2019, og at konstituering av det nye regiontinget vert gjort seinast 01.01.2020.

## **10. VILKÅR FOR DEN NYE REGIONEN**

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane sluttar seg til intensjonsplanen, og stiller følgjande vilkår for å etablere ein ny folkevald region:

- a) Viktige samfunnsoppgåver blir overført frå statleg til regionalt folkevalt nivå, og desse vert sett i samheng med sentrale oppgåver og ansvarsområde som fylkeskommunane no har.
- b) Det er ein føresetnad at ansvaret for kollektivtransport og vidaregåande opplæring framleis skal liggje til regionen/fylkeskommunane.
- c) Regionen skal ha ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta.
- d) Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar føreset at fylka i sin heilskap inngår i den nye Vestlandsregionen.
- e) Dei to fylkeskommunane legg til grunn at fylkesmannsembetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur.
- f) Det vert lagt til grunn at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.
- g) Dei to fylkeskommunane legg til grunn at det nye regionkontoret for NAV vert lokalisert i Bergen.
- h) Eit eventuelt regionalt bestilleransvar for landsdekkande ferjeverksemd vert lagt til Vestlandet.

Os, 17. januar 2017

Jenny Følling  
Fylkesordfører  
Sogn og Fjordane  
(sign.)

Pål Kårbø  
Fylkesvaraordfører  
Hordaland  
(sign.)

Intensjonsplanen er signert med atterhald om at denne vert godkjend  
i fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland.

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Prosjektleiaren, Hordaland  
Saksbehandlar: Ole Inge Gjerald, Prosjektleiaren, Sogn og Fjordane  
Sak nr.: 2018/16486-1

**Saksgang**

	Saknr.	Møtedato
Utval		
Fellesnemnda	46/18	16.11.2018

**Meld.St.6 (2018-2019) Oppgaver til nye regioner - høyringsuttale****Prosjektleiar rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

Fellesnemnda for samordning og førebuing av samanslåinga av fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane meiner oppgåvemeldinga (Meld.St.6 (2018-2019) Oppgaver til nye regioner) er ein god start på arbeidet med å styrke fylkeskommunane si rolle som tenesteprodusent, myndigheitsorgan og samfunnsutviklar. Fylkeskommunane får med dette forslaget eit meir heilskapleg regionalt ansvar innan samferdsel, kompetanse, næringsutvikling, landbruk, forskning, kulturminner og folkehelse, og passer godt inn i den oppgaveporteføljen fylkeskommunane allereie har.

Fellesnemnda har følgjande innspel og merknader til oppgåvemeldinga:

1. Fellesnemnda vil understreke det som svært viktig at det følgjer ressursar med dei nye oppgåvene slik at ein ikkje må redusere eksisterande tenestetilbod og regionale utviklingsoppgåver, for å kunne løyse nye oppgåver. Eit døme på dette er oppgåva med dei statlege fiskerihamnene, der fylkeskommunane på ny står i fare for å overta statleg infrastruktur med betydeleg vedlikehaldsetterslep.  
  
Gitt den positive intensjonen i oppgåvemeldinga om å styrke fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar, er fellesnemnda forundra over regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2019, der kutt i dei regionale utviklingsmidlane, reduksjon i tildeling til dei regionale forskingsfonda og reduksjon i midlar til breibandsutvikling vil ha motsett verknad.
2. Ei rekkje oppgåver er foreslegne vurderte eller utgreia i eigne prosessar. Fellesnemnda ser det som viktig at representantar frå fylkeskommunane vert inviterte inn i arbeidet med desse vurderingane, og at dette ikkje blir overlate til kvar enkelt sektor å styre. Det blir også svært viktig at desse utgreiingsprosessane blir prioritert og går så raskt som mogleg slik at fylkeskommunane kan ta omsyn til dette i sitt arbeid med etablering av nye fylkeskommunar frå 1.1.2020.
3. Fellesnemnda vil spesielt peike på forslaget om å styrke fylkeskommunane som *kompetansepolitisk aktør*. Det ligg ein meirverdi i å knytte kompetansepolitikken nærmare ansvaret for vidaregåande skole, fagskolar, forskning, nærings- og innovasjonspolitikken. Fellesnemnda vil i den samanheng også understreke behovet for at universiteta og høgskolane deltek i eit forpliktande samarbeid om utvikling av regional kompetansestrategi.
4. Fellesnemnda vil understreke at regionreforma må bidra til at rolle- og ansvarsfordelinga blir tydeleg og gir moglegheit for effektivitet i forvaltninga. Særleg gjeld dette mellom fylkesmannen

og fylkeskommunane. Utviklingsoppgåver og rettleiingsoppgåver som i dag vert utførte av fylkesmannen må fullt ut overførast fylkeskommunane innan klima og miljø, planretteiing av kommunane, friluftsliv og næringsutvikling. Fylkesmannen må i hovedsak ivareta kontroll- og tilsynsoppgåver innanfor desse områda.

5. Fellesnemnda viser til Stortinget sitt anmodningsvedtak 841, Innst. 385S (2016-2017) der det heiter at «Fylkeskommunen skal styrkes som næringspolitisk aktør ved at det skal flyttes oppgaver».

I oppgåvemeldinga er dette endra til «Oppdragsgiveransvaret for næringshageprogrammet, inkubatorprogrammet, mentorprogram, bedriftsnettverk, samt deler av etablerertilskuddet vil overføres fra staten til fylkeskommunene». Fellesnemnda ser det som viktig og nødvendig at fylkeskommunane får oppgåveansvaret og ressursar knytt til dette, og ikkje berre eit oppdragsgivaransvar.

## SAKSFRAMSTILLING

---

### Bakgrunn for saka

I samband med regionreforma har det vore eit sentralt tema kva ytterlegare oppgåver dei nye fylkeskommunane skal få overført. Som oppfølging av ekspertutvalet si tilråding la regjeringa fram, 19.oktober 2018, Meld.St.6 (2018-2019) Oppgaver til nye regioner.

Kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget legg opp til høyring av oppgåvemeldinga, 20.november 2018, med førebels tidspunkt for slutthandsaming i Stortinget, 18.desember 2018. Leiar og nestleiar i fellesnemnda vil delta på komitehøyringa.

Prosjektleiar legg med dette fram ei sak med status på overføring av ytterlegare nye oppgåver til fylkeskommunane, som grunnlag for ein uttale til Stortinget si handsaming av oppgåvemeldinga.

### Kort om nye oppgåver til fylkeskommunane i Meld.St.6 (2018-2019)

Prosjektleiar presenterer nedanfor kort oppgåvene på ulike områder som er tenkt overført i Meld.S.6 (2018-2019), slik det er omtalt på nettsider til [kmd.dep.no](http://kmd.dep.no):

#### **«Næringsutvikling og næringsrettet forskning**

*Oppdragsgiveransvaret for næringspolitiske virkemidler som i dag forvaltes av Innovasjon Norge (deler av etablerertilskudd knyttet til gruppe 1, mentorprogram og bedriftsnettverk) og Siva (næringshageprogrammet og inkubatorprogrammet). Det skal også utredes om reiselivssatsingen som i dag forvaltes av Innovasjon Norge skal overføres til fylkeskommunene.*

*Den helhetlige gjennomgangen av det næringsrettede virkemiddelapparatet kan bidra til at ytterligere oppgaver som kan styrke fylkeskommunens rolle som næringspolitisk aktør flyttes til fylkeskommunene. Det skal særleg ses på utflytting av oppdragsgiveransvaret for virkemidler knyttet til småbedrifter og lokale/regionale formål.*

*Utrede om det er behov for endringer i organisasjons- og tilknytningsformen for de nasjonale virkemiddelaktørene, herunder SIVA og Innovasjon Norge.*

*Det er en målsetting å styrke de regionale forskningsfondene, RFF. Størrelsen av andelen RFF skal styrkes med, avklares etter en gjennomgang av de ulike nasjonale næringsrettede virkemidlene.*

*Styrke fylkeskommunenes rolle i å mobilisere og kvalifisere næringslivet til å investere mer i FoU, blant annet ved å vurdere FORREGION, RFF, ordningene med Nærings-ph.d, MABIT-ordningen og mobilisering til Skattefunnordningen.*

## **Landbruk**

*Forvaltning av tilskudd til utrednings- og tilretteleggingstiltak i landbruket som i dag gjøres av fylkesmannen*

*Forvaltning av tilskudd til kystskogbruk som i dag gjøres av Landbruksdirektoratet*

*Ansvar for å utarbeide regionalt næringsprogram som i dag gjøres av fylkesmannen*

## **Samferdsel**

*Ansvaret for de statlige fiskerihavnene som i dag ligger hos Kystverket*

*Kjøp av innenlandske flyruter som i dag gjøres av Samferdselsdepartementet*

*Tilskudd til ikke-statlige lufthavner som i dag forvaltes av Samferdselsdepartementet*

*Det tas sikte på å overføre støtteordningen for bredbåndsutbygging som i dag forvaltes av Nkom. Nkoms faglige rolle knyttet til tilskuddsordningen vurderes.*

*Den statlige tilskuddsordningen for utvidet TT-tilbud innlemmes, ansvaret overføres etter at ordningen har blitt finansiert som en nasjonal ordning.*

*Tilskudd til skredsikring av fylkesveger innlemmes i 2020.*

*Tilskuddet til gang- og sykkelveger langs fylkeskommunalt og kommunalt vegnett innlemmes i 2020.*

*Tilskudd til fiskerihavneanlegg innlemmes i 2020.*

*Fylkesdelen av sams vegadministrasjon.*

*Koordinering av kollektivtrafikken mellom fylke og stat utvides for å bidra til at begge parter når målsettingene innenfor kollektivområdet. Dagens samarbeidsavtaler mellom Jernbanedirektoratet og fylkeskommunen utvides til også å omfatte ruteendringsprosesser, herunder når og hvordan prosessen skal være, fylkeskommunen tar ansvar for dialogen med kommunene, produksjon av transporttjenester, utforming av krav til hele eller deler av tilbudet, byvekstavtale, avtale for øvrige deler av fylkene, samspillet mellom buss- og togtilbud og forpliktende samarbeide om ruteinformasjon.*

## **Kompetanse og integrering**

*Utvidet ansvar for regional kompetansepolitikk.*

*Tydeliggjøre fylkeskommunens rolle i kompetansereformen.*

*Tilskudd til karriereveiledning som i dag forvaltes av Kompetanse Norge.*

*Utrede en endring av tilskudd til studieforbund, der deler av tilskuddene kan utbetales av fylkeskommunene.*

*Utrede om fylkeskommunene bør få en større rolle i samordningen av kompetansepolitikken for å bidra til økt sysselsetting og lavere ledighet.*

*Arbeidsmarkedstiltaket bedriftsintern opplæring (BIO) som i dag forvaltes av Arbeids- og velferdsetaten. Utrede om ansvaret for opplæringstiltakene som forvaltes av Arbeids- og velferdsetaten arbeidsmarkedsopplæring bør ses i sammenheng med fylkeskommunens ansvar for opplæring og grunnleggende kompetanseutvikling.*

*Tilskudd til etablereropplæring som i dag forvaltes av IMDi.*

*Tilskudd til mentor- og traineeordninger som i dag forvaltes av IMDi.*

*Tilskudd til jobbsjansen del B.*

*I arbeidet med integreringsstrategien vurderes det om ytterligere oppgaver kan overføres til fylkeskommunene.*

*Minoritetsrådgiverordningen vurderes overført etter at ordningen er videreutviklet og styrket*

*Fylkeskommunene skal utarbeide planer som også omfatter tiltak for å kvalifisere flyktninger og innvandrere til å møte regionale arbeidsmarkedsbehov*

*Utvidet ansvar for forsterket grunnopplæring til ungdom som mangler dette, slik at flere får reell mulighet for å gjennomføre videregående opplæring*

*Det skal utredes hvordan ressurser og kompetanse overføres fra staten til fylkene, slik at fylkene kan få ansvaret for bosetting internt i regionene og annen regional samordning av integreringspolitikken, innenfor rammen av nasjonal politikk. De nasjonale oppgavene som er lagt til regionskontorer skal bli værende i IMDi. IMDi beholder et nasjonalt ansvar for bosetting, sammen med ordningen med et bosettingsutvalg med representanter for kommune og stat. IMDi opprettholdes også som et nasjonalt fagorgan for integreringsområdet.*

### **Kultur**

*Hagen-utvalgets forslag vurderes i den kommende kulturmeldingen. Et større fylkeskommunalt ansvar for kulturoppgaver varsles i denne meldingen.*

### **Folkehelse**

*Tilskudd til friskliv, mestring og læring.*

*Tilskudd til tverrfaglig innsats på rusfeltet.*

*Midler i program for folkehelsearbeid som i dag forvaltes av Helsedirektoratet innlemmes i rammetilskuddet til fylkeskommunene etter programperioden.*

### **Barnevern**

*Det utredes om en overføring av Bufetats oppgaver i barnevernet til fylkeskommunene vil gi et styrket tilbud til utsatte barn og familier. Målet er en styrking av innsatsen overfor barn som trenger disse tjenestene. Særlig skal det legges vekt på mulighetene for tidlig inngripen fra et bredt spekter av tjenester og på god tilgang i alle deler av landet til spesialiserte tilbud for dem med de mest komplekse behovene.*

### **Klima og miljø**

*Alle oppgaver hos fylkesmannen som innebærer politisk skjønn innenfor artsforvaltning, utenom truede arter og verneområdeforvaltning, er overført til fylkeskommunen.*

*Vannressursforvaltningen overføres ikke fra fylkeskommunen til staten.*

*Oppgaver knyttet til statlige sikrede friluftsområde som i dag utføres av fylkesmannen, samt deler av Miljødirektoratets forvaltningsansvar for de statlig sikrede friluftsområdene.*

*Oppgaver knyttet til Skjærgårdstjenesten som i dag utføres av fylkesmannen.*

*Oppgaver på kulturminneområdet som i dag utføres av Riksantikvaren. Deler av tilskuddsordninger til formål som inngår i ev. nye bevaringsprogrammer kan overføres etter inneværende programperiode som løper til 1.1.2020.*

*NVE skal konsultere fylkeskommunene og vektlegge fylkeskommunal planlegging i konsesjonsbehandlingen til utbygging av vannkraft på 1-10 MW og vindkraft over 1 MW/5 turbiner.*

*I tillegg er Kommunal- og moderniseringsdepartementet i gang med å styrke den regionale planleggingen. Fylkeskommunene skal involveres i utarbeidelsen av samfunns mål for KVU-arbeidet i store statlige infrastrukturprosjekter.»*

For nærare informasjon og kunnskap om oppgavemeldinga viser prosjektleiaren til Meld.St.6 (2018-2019) Oppgaver til nye regioner på <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20182019/id2616180/>



## **Prosjektlear si vurdering**

### **Fylkeskommunen som samfunnsutviklar på kompetanseområdet**

Prosjektlear meiner oppgåvemeldinga er ein god start på arbeidet med å styrke fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar. Fylkeskommunane får med dette forslaget eit meir heilskapleg regionalt ansvar innan samferdsel, kompetanse, næringsutvikling, landbruk, forskning, kulturminner og folkehelse, og passer godt inn i den oppgåveportefølja fylkeskommunane allereie har.

Prosjektlear er spesielt positiv til forslaga som ligg inne for å styrke fylkeskommunane som *kompetansepolitisk aktør*. Det ligg ein meirverdi i å knytte kompetansepolitikken nærmare ansvaret for vidaregåande skole, fagskolar, forskning, nærings- og innovasjonspolitikken. Fellesnemnda vil i den samanheng også understreke behovet for at universiteta og høgskulane deltek i eit forpliktande samarbeid om utvikling av regional kompetansestrategi.

### **Økonomiske rammer**

Prosjektlear vil understreke det som svært viktig at det følgjer ressursar med dei nye oppgåvene slik at ein ikkje må redusere eksisterande tenestetilbod og regionale utviklingsoppgåver, for å kunne løyse nye oppgåver. Eit døme på dette er oppgåva med dei statlege fiskerihamnene, der fylkeskommunane på ny står i fare for å overta statleg infrastruktur med betydeleg vedlikehaldsetterslep.

Gitt den positive intensjonen i oppgåvemeldinga om å styrke fylkeskommunane si rolle som samfunnsutviklarar, er prosjektlear forundra over regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2019, der kutt i dei regionale utviklingsmidlane, reduksjon i tildeling til dei regionale forskingsfonda og reduksjon i midlar til breibandsutvikling vil ha stikk motsett verknad.

### **Utgreiingsarbeid med tydeleg framdrift og fylkeskommunal deltaking**

Ei lang rekkje oppgåver er foreslått vurdert eller utgreia i eigne prosessar. Det blir svært viktig at representantar frå fylkeskommunane vert invitert inn i arbeidet med desse vurderingane og at dette ikkje blir overlata til kvar enkelt sektor å styre. Det blir også svært viktig at desse utgreiingsprosessane blir prioritert og går så raskt som mogleg slik at fylkeskommunane kan ta omsyn til dette i sitt arbeid med å rigge sine organisasjonar for nye oppgåver frå 2020.

### **Tydeleg rolle- og ansvarsfordeling**

Prosjektlear vil understreke at regionreforma må bidra til at rolle- og ansvarsfordelinga blir tydeleg og gir moglegheit for effektivitet i forvaltninga. Serleg gjeld dette mellom Fylkesmannen og Fylkeskommunen. Utviklingsoppgåver og veiledningsoppgåver som i dag vert utført av fylkesmannen må fullt ut overførast fylkeskommunane innan klima og miljø, planretteiing av kommunane, friluftsliv og næringsutvikling. Fylkesmannen må i hovudsak ivareta kontroll- og tilsynsoppgåver innanfor desse områda.

### **Næringsutvikling**

Prosjektlear viser for det første her til Stortinget sitt anmodningsvedtak 841, Innst. 385S (2016-2017) som seier at «Fylkeskommunen skal styrkes som næringspolitisk aktør ved at det skal flyttes oppgaver».

I oppgåvemelding er dette endra til «Oppdragsgiveransvaret for næringshageprogrammet, inkubatorprogrammet, mentorprogram, bedriftsnettverk, samt deler av etablerertilskuddet vil overføres fra staten til fylkeskommunene». Prosjektlear ser det som både viktig og nødvendig at fylkeskommunane får oppgåveansvaret med tilhøyrande ressursar, og ikkje berre oppdragsgivaransvaret.

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Rune Haugsdal, Prosjektleiar

Sak nr.: 2015/1434-698

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda-AU	39/18	28.10.2018
Fellesnemnda-AU	43/18	09.11.2018
Fellesnemnda	47/18	16.11.2018

## Vedtekter til fondet jamfør intensjonsplanen sitt punkt 7

### Samandrag

I fellesnemnda 4. mai 2018 vart det gjort slikt vedtak:

«Arbeidsutvalet får, i samarbeid med prosjektleiar og dei to fylkesrådmennene, i oppgåve å kome med forslag til korleis fellesnemnda kan handtere og finne løysing på den usemje som kom til uttrykk mellom dei to fylkeskommunane på møtet i fellesnemnda 8. mars 2018.

Arbeidsutvalet kan peike ut ei mindre arbeidsgruppe og knyte til seg naudsynt hjelp.

Arbeidsutvalet får i oppgåve å foreslå vedtekter til fondet jamfør intensjonsavtalens pkt. 7.

Det er eit mål at forslag til løysing og framlegg til vedtekter for fondet, vert lagt fram og vedteke av fellesnemnda innan utgangen av 2018.»

### **Prosjektleiar legg ikkje fram tilråding i saka**

### **Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 28.10.2018**

Fellesnemnda-AU vedtok samrøystes å lukka møtet, jfr. Kommunel. § 31 5. ledd, jfr. Offentleglova § 23 1. ledd.

Saka blei drøfta utan at det vart fatta vedtak. Saka vil bli teke opp att på neste møte i fellesnemnda-AU.

### **Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 09.11.2018**

Fellesnemnda-AU vedtok samrøystes å lukka møtet, jfr. kommunelova § 31 5. ledd, Jfr. Offentleglova § 23 1. ledd.

Representanten Jenny Følling (SP) stilte spørsmål ved leiars habilitet. Det vart føreteke ein habilitetsvurdering av leiar Anne Gine Hestetun i møtet. Dette på bakgrunn av at Anne Gine Hestetun er styremedlem i BKK AS. Hestetun trådte frå under vurderinga. Fellesnemnda AU konkluderte med at Anne Gine Hestetun ikkje var inhabil. Det var 7 representantar til stades.

**Jenny Følling (SP)** sette fram slikt forslag:

Fellesnemnda sitt AU viser til Fellesnemnda sitt vedtak av 4.05.18. AU fekk her i oppgåve å prøve å løyse opp i den usemje som kom til uttrykk i FN 8.03.18 og kome med forslag til vedtekter for det fondet som kan etablerast ihht intensjonsplanen sitt pkt. 7. Med dette som utgangspunkt vil Fellesnemnda sitt Arbeidsutval uttrykkje følgjande:

1. Arbeidsutvalet tilrår at Fellesnemnda sluttar seg til utkast til vedtekter for eit utviklingsfond for Sogn og Fjordane slik dette er oversend frå fylkesordføraren i Sogn og Fjordane 12.09.18.
2. Arbeidsutvalet konstaterer at det ligg til fylkestinget i Sogn og Fjordane å avgjere korleis fylkeskommunen sine aksjar i SF Holding AS/SFE AS skal handterast.

**Representantane frå Hordaland fylkeskommune** sette fram slik protokollmerknad:

Representantane frå Hordaland fylkeskommune i Fellesnemnda sitt arbeidsutval (AU - FN), Anne Gine Hestetun, Silja Ekeland Bjørkly, Terje Søviknes og Pål Kårbø, gjorde 29.10 framlegg om at dersom Sogn & Fjordane fylkesting vel å leggja alle aksjane (100 % av aksjekapitalen i selskapet) som Sogn og Fjordane fylkeskommune eig i Sogn og Fjordane Holding AS (SFH) inn i Sogn og Fjordane Utviklingsfond (Fondet) frå 1.1.2020 kan dei same representantane rå til at det utkastet til fondsvedtekter som er utarbeidd av Sogn og Fjordane fylkeskommune og presenterte for AU-FN den 20. september 2018 kan vedtakast utan endringar.

Desse representantane viser også til framlegg til alternativ modell med delt eigarskap til Sogn og Fjordane Holding AS (SFH) m/tilhøyrande justerte vedtekter oversendt 3.november til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Vi konstaterer at medlemmene i Fellesnemnda sitt arbeidsutval (AU - FN) frå Sogn og Fjordane fylkeskommune ikkje har vore innstilt på å drøfte dette alternativet. Desse representantane ber om at dokumenta knytt oversendinga 3.november følgjer saka vidare.

Grunnlag for semje om reviderte fondsvedtekter:

- Nye Vestland fylkeskommune skal eige minimum 67 % av aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS. Vestland fylkeskommune (gjennom fondet og fondsstyret) må ha full kontroll over generalforsamlingen i Sogn og Fjordane Holding AS. Ein eller fleire kommunar kan ikkje ha negativ kontroll i selskapet.
- Vestland fylkeskommune må ha full kontroll på dagens (indirekte) eigarpost i kraftselskapet og fylkeskommunen må ha rett til å avgjere dei strategiske vurderingane knytt til eigarposten som kan oppstå i framtida.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune kan vederlagsfritt overdra inntil 33 % av aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS til kommunar i Sogn og Fjordane før 1.1.2020
- Fondets formål endres slik at det primært beskriv kva utdelingar frå fondet skal nyttast til. Den negative avgrensinga tas ut.
- Alt utbytte frå Sogn og Fjordane Energi AS vi,l via Sogn og Fjordane Holding AS, enten bli utbetalt direkte til eigarkommunane i form av utbytte eller utbetalt til fondet og disponert til vedtektsbestemte formål i Sogn og Fjordane.
- Det er behov for å justere nokre av sakshandsamingsreglane for å gi Vestland fylkeskommune større handlefridom.

- Det kan drøftast andre juridiske modellar for å sikre Vestland fylkeskommune (fondet) full kontroll med Sogn og Fjordane Holding AS. Kommunene kan til dømes få ein større andel av dei årlege utbytta frå Sogn og Fjordane Holding AS enn antall aksjar skulle tilseie.

<p style="text-align: center;"><b>§ 1 Bakgrunn</b></p>	<p>I samband med forhandlingar om samanslåing av Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune til eitt fylke, vedtok fylkeskommunane ein intensjonsplan. Sogn og Fjordane fylkeskommune har i utgangspunktet relativt høge netto formuesverdiar og høge lokale inntekter.</p> <p>Difor opnar intensjonsplanen for å halde desse verdiane utanfor regionetableringa i 2020 og late dei kome innbyggjarane i Sogn og Fjordane til gode på best mogeleg måte.</p>
<p style="text-align: center;"><b>§ 2 Føremål</b></p>	<p>Fondet skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane.</p> <p>Fondet skal primært nyttast til støtte til innovasjons- og gründervirksomhet samt andre næringsstiltak som kan gi grunnlag for etablering av nye og langsiktige arbeidsplasser samt lokal kunnskapsbygging.</p> <p>Fondet kan også nyttast til å støtte kultur- og idrettsformål i Sogn og Fjordane.</p> <p>Tildelinga skal følgje EØS-regelverket for offentleg støtte.</p>
<p style="text-align: center;"><b>§ 3 Det geografiske verkeområdet til fondet</b></p>	<p>Fondet skal berre nyttast innanfor dei geografiske grensene som utgjorde Sogn og Fjordane fylke per 1. januar 2018, korrigert for dei justeringane som vert gjort 1. januar 2020.</p>
<p style="text-align: center;"><b>§ 4 Fondskapitalen</b></p>	<p>Den 1. januar 2020 skal fondet ha ein grunnkapital bestående av [XX %] av aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS. Avkastning på grunnkapitalen ( utbytte frå eigarskapen i Sogn og Fjordane Holding AS) skal inngå i fondet. Fondet utøver alle aksjonærrettar til Sogn og Fjordane Holding AS og Sogn og Fjordane Energi AS.</p> <p>Vedtak om å nytte heile eller deler av grunnkapitalen krev 2/3 fleirtal i fylkestinget.</p> <p>Aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS eller Sogn og Fjordane Energi AS kan ikkje seljast utan etter forslag frå tre av dei femmedlemmene i fondsstyret og 2/3-fleirtall i fylkestinget.</p> <p>Fondsstyret kan nytte den årlege avkastinga frå fondet til føremålet.</p>
<p style="text-align: center;"><b>§ 5 Fondsstyret</b></p>	<p>Fylkestinget vel medlemmene i fondsstyret mellom representantane i fylkestinget.</p> <p>Fondsstyret skal ha fem medlemmer med personlege varamedlemmer. Minst tre av medlemmene, inklusiv styreleiaren, samt deira personlege varamedlemmer, skal være frå fondet sitt geografiske verkeområde med folkeregistrert adresse der. Medlemmene i fondet skal veljast</p>

	<p>kvart fjerde år i det konstituerande fylkestinget. Reglane i aksjelova § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjeld tilsvarande for fondsstyret.</p> <p>Fondsstyret treffer avgjerder med alminneleg fleirtal.</p> <p>Fylkesrådmannen er sekretariat for fondsstyret.</p>
<p><b>§ 6</b> <b>Forvaltning</b></p>	<p>Grunnkapitalen og den årlege avkastninga frå fondet vert forvalta likt som Vestland fylkeskommune sine eige midlar. Avkastninga frå fondet kan nyttast til utgifter til sekretariatet og utgreiingar, inkludert dei skattemessige og statsstøtterettslege konsekvensane av verksemda og tildelingane til fondet.</p>
<p><b>§ 7</b> <b>Årsmelding og rapporteringsplikt</b></p>	<p>Det skal leggjast fram melding om fondet si verksemd til fylkestinget kvart år til orientering.</p>
<p><b>§ 8</b> <b>Endring av vedtekter</b></p>	<p>Vedtektene kan endrast av fylkestinget etter forslag frå minst tre av fem medlemmar i fondsstyret.</p> <p>Endringar krev 2/3 fleirtal av medlemmene i fylkestinget..</p> <p>.</p> <p>.</p>

•

### Røysting

Forslaget frå Jenny Følling fekk 4 røyster (4 representantar frå Sogn og Fjordane) og fall. 4 Representantar frå Hordaland fylkeskommune røysta mot.

### Innstilling til fellesnemnda

Saka vert lagt fram for fellesnemnda utan innstilling.

Prosjektleiar Rune Haugsdal

Vestland fylkeskommune

## Utkast til fondsvedtekter

Eg viser til fellesnemnda sitt vedtak i sak 18/18, der det m.a. framgår at fellesnemnda sitt arbeidsutval «får i oppgåve å foreslå vedtekter til fondet jamfør intensjonsavtalens pkt 7».

Vidare viser eg til den gjennomgangen Sogn og Fjordane fylkeskommune sine rådgjevarar frå Advokatfirmaet Lund & Co hadde for arbeidsutvalet i møte 15.06.18. Etter gjennomgangen vart det konkludert med at Sogn og Fjordane fylkeskommune skulle kome tilbake til arbeidsutvalet med eit utkast til vedtekter for fondet.

Fylkesutvalet drøfta innhaldet av vedtektene i møte 31. august 2018. Vedlagt ligg fylkesutvalet sitt utkast.

Eg vonar arbeidsutvalet og etterkvart fellesnemnda vil slutte seg til utkastet. Fellesnemnda sitt vedtak i saka vil truleg ha innverknad på det vedtaket fylkestinget i Sogn og Fjordane seinare kjem til å gjere om Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarposisjon i Sogn og Fjordane Energi AS.

Med helsing

Jenny Følling  
fylkesordførar*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*Vedlegg: 1Kopi til: Tore Eriksen

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune, utkast pr 31.08.18:

## Vedtekter - Sogn og Fjordane utviklingsfond

Vedtektene er fastsett av Fellesnemnda dd.mm.åå som ein del av førebuinga av ei samanslåing av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune til eitt fylke.

### § 1 – Bakgrunn

I samband med forhandlingar om samanslåing av Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune til eitt fylke, vedtok fylkeskommunane ein intensjonsplan. Sogn og Fjordane fylkeskommune har i utgangspunktet relativt høge netto formuesverdiar og høge lokale inntekter. Difor opnar intensjonsplanen for å halde desse verdiane utanfor regionetableringa i 2020 og late dei kome innbyggjarane i Sogn og Fjordane til gode på best mogeleg måte.

### § 2 – Føremål

Fondet skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane og kan gje støtte til føretak, kommunar og organisasjonar.

Fondet kan ikkje nyttast til fylkeskommunale føremål, kommunal drift eller drift av føretak og organisasjonar. Fylkeskommunen, statlege organ, eller føretak kontrollert av stat eller fylkeskommune kan ikkje få støtte frå fondet. Fondet kan likevel nyttast til høgare utdanning, t.d. til stipendiatar.

Tildelinga skal følgje EØS-regelverket for offentleg støtte.

### § 3 – Det geografiske verkeområdet til fondet

Fondet skal berre nyttast innanfor dei geografiske grensene som utgjorde Sogn og Fjordane fylke per 1. januar 2018, korrigert for dei justeringane som vert gjort 1. januar 2020.

### § 4 – Fondskapitalen

Den 1. januar 2020 består fondet av ein grunnkapital på [sett inn] kroner og [sett inn] aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS. Avkastning på grunnkapitalen og utbytte frå eigarskapen i Sogn og Fjordane Holding AS skal inngå i fondet.

Fondet utøver alle aksjonærrettar til Sogn og Fjordane Holding AS og Sogn og Fjordane Energi AS.

Vedtak om å nytte heile eller deler av grunnkapitalen krev 4/5 fleirtal i fylkestinget.

Aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS eller Sogn og Fjordane Energi AS kan ikkje seljast utan etter forslag frå fem av dei sju medlemmene i fondsstyret og 4/5-fleirtall i fylkestinget.

Fondsstyret kan nytte den årlege avkastinga frå fondet til føremålet.

#### § 5 – Fondsstyret

Fylkestinget vel medlemmene i fondsstyret mellom representantane i fylkestinget.

Fondsstyret skal ha sju medlemmer med personlege varamedlemmer. Minst fem av medlemmene, inklusiv styreleiaren, samt deira personlege varamedlemmer, skal være frå fondet sitt geografiske verkeområde med folkeregistrert adresse der. Medlemmene i fondet skal veljast kvart fjerde år i det konstituerande fylkestinget. Reglane i aksjelova § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjeld tilsvarande for fondsstyret.

Fondsstyret treffer avgjerder med alminneleg fleirtal.

Fylkesrådmannen er sekretariat for fondsstyret.

#### § 6 – Forvaltning

Grunnkapitalen og den årlege avkastninga frå fondet vert forvalta likt som Vestland fylkeskommune sine eige midlar.

Avkastinga frå fondet kan nyttast til utgifter til sekretariatet og utgreingar, inkludert dei skattemessige og statsstøtterettslege konsekvensane av verksemda og tildelingane til fondet.

#### § 7 – Årsmelding og rapporteringsplikt

Det skal leggjast fram melding om fondet si verksemd til fylkestinget kvart år til orientering.

#### § 8 – Endring av vedtekter

Vedtektene kan endrast av fylkestinget etter forslag frå minst fem av sju medlemmar i fondsstyret. Endringar krev 4/5 fleirtal av medlemmene i fylkestinget. Ei endring må vedtakast to gonger, ein gong på kvar side av eit val til fylkestinget, dvs. av to ulike fylkesting.

Det same gjeld ved eit vedtak om å avvike fondet.

Vedtak om å avvike fondet kan uansett fleirtal ikkje treffast før år 2035. Det same gjeld vesentlege endringar i vedtektene elles, under dette endringar i §§ 3, 4 og 5 andre avsnitt.